Netto finansinntekter (negativt forteikn i tabellen over indikerer inntekt) vart 35,84 % høgare enn budsjettert. Budsjettavviket på renteinntektene kan for det meste sporast til at renteinntektene på startlån vart høgare enn budsjettert, medan renteutgiftene vart litt lågare enn budsjettert grunna litt «forsiktig» budsjettering. Det er likevel ikkje store avvik, spesielt når ein tek i betrakning at 2020 har vore eit finansielt turbulent år. Utbytter inkluderer utbytter frå Agder Energi (om lag 6,8 mill.) og Setesdal Bilruter (snaue kr 170.000).



Disponering av netto driftsresultat

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019
18 Overføring til investering		0	0	0	0
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	9	1 953 114	-794 900	-1 153 900	-152 937
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-1 264 518	-4 985 100	-4 660 100	-6 374 453
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		0	0	0	-1 075 799
21 Dekning av tidligere års merforbruk		1 183 448	1 184 000	0	0

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. Netto bruk av ubundne fond (disposisjonsfond) gjeld honorar til bygdebokforfattar (kr 366.000, netto avrunda), vegvedlikehaldsprosjektet (kr 664.000, netto), budsjettert bruk av ordinært disposisjonsfond (kr 1.944.000), samt dekning av meirforbruk for 2019 (kr 1.183.000, avrunda), til saman kr **4.157.000**, som er ein del lågare enn det budsjetterte talet på kr 4.985.000. Dette skuldast at ein ikkje brukte av Bygland oppvekstsenter sitt einingsfond, som det eigentleg var budsjettert med. Avsetning til ubundne fond gjeld avsetning til flyktningefondet på kr 228.000 og avsetning av mindreforbruk for 2020 til ordinært disposisjonsfond (kr 2.664.000), totalt kr **2.893.000** (budsjettert avsetning var kr 0). Netto bruk av disposisjonsfond i tabellen ovanfor kjem følgjeleg av bruk på kr 4.157.000 fråtrekt avsetning på kr 2.893.000, altså kr 1.264.000. Det store budsjettavviket skuldast primært mindreforbruket på kr 2.664.000.

Bruk av bundne fond var på kr **4.355.000**, som primært gjeld bruk av næringsfond på kr 3.705.000 (sjå eigen oversikt for bruk av næringsfond) samt bruk av ymse øyremerka fond. Budsjettert bruk av kr 4.162.000. Avsetning til bundne fond var på kr 6.309.000, av dette var det berre kr 3.368.000 som låg inne i budsjettet. Kommunen hadde ein del inntekter i form av øyremerka tilskot i 2020, som ikkje vart brukt opp, og som difor vart sett av til bundne fond. Desse midlane var ikkje i budsjettet, noko som bidreg til at budsjettavviket på avsetning til bundne fond vart såpass stort. Dette gjeld mellom anna covid-19 næringsfond (kr 722.000), covid-19 vedlikehaldsmidlar (kr 500.000) og tilskot til frivilligsentralen (kr 308.000). Kommunen hadde og betydeleg større overskot på sjølvkostområdet enn budsjettert, som innebar at det vart sett av totalt kr 773.000 til sjølvkostfond i 2020 (budsjettert tal var berre kr 18.000).





1.3 Bevilgningsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019
Bevilgning drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	1 735 963	1 773 000	1 790 000	1 877 491
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll	1 735 963	1 773 000	1 790 000	1 877 491
Bevilgning drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 340 779	14 546 000	14 540 000	13 904 411
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	286 967			344 250
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter	14 627 746	14 546 000	14 540 000	14 248 661
Bevilgning drift, netto budsjettområde 201 Kultur	1 714 262	2 130 000	2 134 000	2 114 520
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	27 600			
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	134 414			-604 500
Sum budsjettområde 201 Kultur	1 876 276	2 130 000	2 134 000	1 510 020
Bevilgning drift, netto budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	17 801 256	19 366 700	20 257 700	19 348 549
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-78 870			34 777
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	692 700			-973 874
Sum budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter	18 415 086	19 366 700	20 257 700	18 409 452
Bevilgning drift, netto budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	11 217 197	11 810 000	12 364 000	11 692 432
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-65 340			-4 627
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter	11 151 857	11 810 000	12 364 000	11 687 805
Bevilgning drift, netto budsjettområde 31 Helse	8 536 145	9 510 400	10 548 400	9 015 496
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-23 335			-43 594
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	227 703			
Sum budsjettområde 31 Helse	8 740 513	9 510 400	10 548 400	8 971 902
Bevilgning drift, netto budsjettområde 33 Pleie og omsorg	34 519 509	34 273 000	33 136 000	33 978 407
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	846			
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 33 Pleie og omsorg	34 520 354	34 273 000	33 136 000	33 978 407
Bevilgning drift, netto budsjettområde 35 Drift og forvaltning ekskl. VARF	14 248 486	14 000 000	14 045 000	14 288 170
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-41 951			-44 201
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 35 Drift og forvaltning ekskl. VARF	14 206 535	14 000 000	14 045 000	14 243 968



Bevilgning drift, netto budsjettområde 40 VARF	146 303	890 900	902 900	808 311
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	773 461			325 590
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 40 VARF (vatn, avlaup, renovasjon, feiing)	919 764	890 900	902 900	1 133 901
Bevilgning drift, netto budsjettområde 41 Store prosjekt	1 456 472	2 416 000	1 635 000	2 478 488
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	716 100			-109 956
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				-1 286 080
Sum budsjettområde 41 Store prosjekt	2 172 572	2 416 000	1 635 000	1 082 452
Bevilgning drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	17 055 266	17 110 000	15 040 000	14 564 146
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	16 217			-158 989
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid	17 071 483	17 110 000	15 040 000	14 405 157
Bevilgning drift, netto budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostn.	-14 427 437	-14 048 000	-12 342 000	-9 698 286
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	597 000			-50 000
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader	-13 830 437	-14 048 000	-12 342 000	-9 748 286

Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining. Ein gjer merksam på at ein i løpet av 2020 har brukt ei anna «intern» rekneskapsoversikt til å følgje opp rekneskap og budsjett i løpet av året. Det er desse tala som vert brukt i det påfølgjande avsnittet, og dei vil for nokre få einingar avvike litt frå tala i tabellen ovanfor. Forskjellen mellom tala er at budsjettert bruk av einingsspesifikke fond ikkje er teke med i tabellen ovanfor, medan dei er teke med i tala i det påfølgjande avsnittet.

Einingane har samla sett eit mindreforbruk på 4,78 %, som viser at einingane har hatt god budsjettdisiplin i 2020. Nokre einingar har mindre overforbruk medan andre har store mindreforbruk. Kommenterar til dei enkelte einingane følgjer i dei neste avsnitta.

Politisk styring og kontroll

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Netto driftsramme	1 735 963	1 773 000	97,91 %	1 877 491	-7,54 %

Kommentar:

Rammeområdet er for det meste i tråd med budsjett. Årsaka til reduksjonen frå 2019 er fordi det var ekstraavgifter til lokalval i 2019, medan i 2020 var det ikkje val i det heile.

**Stab og fellesutgifter****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:**

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Rådmannskontoret	7 199 988	6 914 000	104,14 %	6 813 310	5,68 %
Beredskap stab	369 132	179 000	206,22 %	121 893	202,83 %
Fellesutgifter/sektorovergripande	1 675 070	1 598 000	104,82 %	1 463 795	14,43 %
Plan & Utvikling	1 816 308	1 965 000	92,43 %	2 121 350	-14,38 %
IKT	397 315	547 000	72,64 %	724 974	-45,20 %
Pedagogiske tenester	582 312	794 000	73,34 %	336 078	73,27 %
Kyrkjesektoren	1 309 183	1 275 000	102,68 %	1 293 459	1,22 %
Utbetringstilskot	585	0		525	11,43 %
Frivilligsentral	789 228	817 000	96,60 %	864 982	-8,76 %
HTV / HVO	488 625	507 000	96,38 %	508 296	-3,87 %
Netto driftsramme	14 627 746	14 596 000	100,22 %	14 248 661	2,66 %

Kommentar:

Kostnadane har auka litt meir enn deflator (1,7 %) frå 2019 til 2020. Dette skuldast i hovudsak rekrutteringa av ny kommunedirektør kor det vart kostnadsført kr 184.000 i konsulentutgifter, samt overlappingsperioden mellom avtroppande og påtroppande kommunedirektør, som gjorde at det var to lønna kommunedirektørar i 1,5-2 månadar. Utgiftene til beredskap har og auka betydeleg pga. covid-19. Det same har pedagogiske tenester pga. vakanse i store deler av 2019. Til gjengjeld har kostnadane t.d. til IKT gått ned pga. ekstraordinære kostnader i 2019, som ein ikkje har hatt i tilsvarande grad i 2020. Dette gjer at ein ikkje kan samanlikne tala for 2019 og 2020 direkte.

Eininga har ei marginal overskriding på 0,22 %. Dette skuldast primært stram budsjettering i 3. budsjettjustering, då ein velte å ikkje tilføre ekstra midlar til eininga trass i kommunedirektørrekrutteringa og ekstrakostnader knytte til beredskapslager (kr 120.000).





Kultur

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Ungdomsklubb	163 903	213 200	76,88 %	187 695	-12,68 %
Kultur	573 353	731 300	78,40 %	687 106	-16,56 %
Ungdomsrådet	35 434	50 000	70,87 %	22 720	55,96 %
Bygdeboka	0	0		0	0,00 %
Bibliotek	603 586	635 500	94,98 %	612 499	-1,46 %
Netto driftsramme	1 376 276	1 630 000	84,43 %	1 510 020	-8,86 %

Ansvarsområdet «bygdeboka» vert dekt av fond.

Kommentar:

Eininga har eit mindreforbruk på 15,57 %. Dette skuldast primært god utnytting av personalressursane, og at andre driftskostnader vart litt lågare enn budsjettet. Covid-19-restriksjonar har og bidrege til at den generelle aktiviteten har vore lågare enn normalt, som igjen har resultert i lågare kostnader, spesielt med omsyn til bruk av ekstrahjelp, og med omsyn til løyving av tilskot til kulturarrangement. Dette er og primærårsakene til at kostnadane har blitt redusert med nesten 9 % samanlikna med 2019.

Bygland oppvekstsenter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Bygland skule	12 938 859	13 978 000	92,57 %	13 784 993	-6,14 %
SFO Bygland skule	421 678	455 000	92,68 %	483 648	-12,81 %
Nobelle elevbedrift	0	0		0	0,00 %
Grunnskuleopplæring - vaksne	140 221	0		0	0,00 %
Minoritetspråklege barn	699 594	0		0	0,00 %
Norskundervisning - integrering	-384 071	0		0	0,00 %
Bygland barnehage	3 906 057	4 241 000	92,10 %	4 140 787	-5,67 %
Netto driftsramme	17 722 337	18 674 000	94,90 %	18 409 428	-3,73 %

Ansvarsområda «framandspråklege – vaksne», «minoritetspråklege barn» og «norsk undervisning – integrering» vert normalt heilt eller delvis dekt av fond, men i 2020 velte ein å ikkje bruke fond til å dekke ansvarsområda, då ein såg at dekke kunne bli dekt av eininga si overordna totalramme i staden. Nettoinntekt frå Nobelle elevbedrift vert sett av til fond.

Kommentar:

Bygland oppvekstsenter har eit mindreforbruk på 5,10 % i 2020. Dette skuldast blant anna:

Omorganisering av drifta, samt omrokking i personalet som har ført til nedjusterte kostnader knytte til lønsutgifter. Effektiv nytte av bemanningsressurs i samband med ulike typar frávær gjer til at ein ikkje har erstatta frávær fullt ut. I tillegg har ein fått refusjon for noko av fráværet som ikkje nødvendigvis har ført til auka lønskostnader.

Utgifter knytt til skuleskyss og transport er redusert. Skulen har eit minkande elevtal som er avhengig av skuleskyss. I tillegg har perioden med covid-19 ført til at ein ikkje har gjennomført ekskursjonar og utfluktar i tråd med planverket.



Vidare er det ein del aktiviteter som genererer kostnader, som ein ikkje har fått gjennomført grunna covid-19. Det være seg tur til Polen for 10. klasse, utgifter i samband med matlaging både på skulen og i barnehagen, samt reduserte vikarutgifter. I tillegg kom skulen seint i gong med å tilby elevane gratis frukt og grønt, samt varmt måltid grunna blant anna covid-19. Nokre av utgiftene i år er òg saldert ved bruk av bundne driftsfond. Det er fond frå tidlegare år der utgifter i samband med utviklingsprosjekt har blitt ført inn i rekneskapet utan at fondsmidlane er har vore brukt.

Endringa frå 2019 til 2020 syner ei kostnadsreduksjon i eininga. Reduksjonen skuldast i stor grad omorganisering og effektiv utnytting av bemanningsressursen som har ført til reduksjon i lønsutgifter. Kostnader knytte til energi er høge, men dei er likevel lågare i 2020 enn dei var i 2019. Dette fordi straumprisen har vore lågare i 2020 samanlikna med 2019, samt at symjebassenget ikkje har vore i bruk i ein lengre periode enn normalt av året grunna covid-19.

Byglandsfjord oppvekstsenter

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Byglandsfjord skule	6 477 786	7 102 000	91,21 %	7 110 273	-8,90 %
SFO Byglandsfjord skule	434 089	476 000	91,20 %	491 914	-11,76 %
Årdalshallen	104 216	98 000	106,34 %	129 586	-19,58 %
Byglandsfjord barnehage	4 135 766	4 134 000	100,04 %	3 956 032	4,54 %
Netto driftsramme	11 151 857	11 810 000	94,43 %	11 687 805	-4,59 %

Kommentar:

Byglandsfjord oppvekstsenter hadde eit mindreforbruk på 5,57 % i høve til revidert budsjett. Dette har fleire årsakar.

I løpet av budsjettåret har skulen gjennomført endringar i organisasjonen, som har resultert i meir effektiv bruk av lærarressursar. I tillegg har det vore endringar i dei særskilde behova i elevmassen, slik at bemanninga i skule og SFO har blitt justert ned i samsvar med det. I barnehagen har ein måtte justere opp bemanninga for å følge opp særskilte behov i barnegruppa.

I perioden skule og barnehage var stengde ned, fekk oppvekstsenteret refusjon for sjukefråvær og fødselspengar som ikkje blitt nytta til vikarar. I denne perioden hadde eininga heller ikkje andre vikarutgifter ein elles kunne ha hatt.

Situasjonen kring covid-19 har gitt redusert aktivitet på fleire område, og ført til mindreforbruk. Eininga har hatt minimalt med reise- og kursverksemd for tilsette. Avgrensa høve til reising og aktivitetar har i stor grad redusert utgiftene knytte til transport av elevar og førskulebarn.

Nokre av utgiftene i år er også saldert ved hjelp av bundne driftsfond. Dette er bundne fond knytt til utviklingsarbeid som har blitt gjennomført tidlegare år, utan at ein har ført bruk av fondsmiddel i rekneskapen.



Helse

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Legeteneste	3 870 516	4 031 100	96,02 %	4 125 056	-6,17 %
Fysioterapeut	356 457	430 000	82,90 %	408 171	-12,67 %
Helsesjukepleier	865 768	854 200	101,35 %	838 454	3,26 %
Jordmør	177 113	249 700	70,93 %	184 785	-4,15 %
Psykiatri	996 357	1 075 000	92,68 %	1 055 534	-5,61 %
Psykiatribustadar Byglandsfjord	1 735 893	1 803 000	96,28 %	1 757 731	-1,24 %
Støttekontakt	738 408	854 000	86,46 %	598 462	23,38 %
Kriseteam	0	0		3 710	-100,00 %
Flyktingetenesta	0	0			
Netto driftsramme	8 740 513	9 297 000	94,01 %	8 971 902	-2,58 %

Ansvarsområdet «Flyktingetenesta» vert saldert av fond.

Kommentar:

Eininga har og i 2020 arbeidd med å halde budsjetttramma, og resultatet blei eit mindreforbruk på kr 556 487. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at det generelt har vore mindre aktivitet i tenestane grunna covid-19. Det har t.d. vore mindre kostnader til kurs og reiseutgifter, og utgifter til støttekontaktar har og vore ekstraordinært låge, og langt under budsjett, pga. covid-19-restriksjonane. Evje og Hornnes dekkja og større delar av lønna for kommuneoverlegen (enn budsjettert) i periodar på grunn av covid-19. Kostnadsreduksjonen frå 2019 skuldast primært redusert aktivitetsnivå i 2020 og at ein ikkje hadde turnuslege i 2. halvår i 2020.

Pleie og omsorg

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Pleie og omsorgsadm.	6 992 083	6 695 600	104,43 %	5 007 334	39,64 %
Gåvefond - Byglandsheimen	7 648	0		0	
Arbeidsstoga - Byglandsheimen	4 694	9 000	52,16 %	-3 143	-249,34 %
Byglandsheimen	9 948 323	10 328 700	96,32 %	11 308 336	-12,03 %
Støttefunksjon - Byglandsheimen	2 357 440	2 462 600	95,73 %	2 489 724	-5,31 %
Åpen omsorg - heimesjukepleie	7 264 822	7 009 800	103,64 %	7 360 923	-1,31 %
Åpen omsorg - heimehjelp	618 343	513 300	120,46 %	622 204	-0,62 %
Habilitering	7 327 001	7 254 000		7 193 029	1,86 %
Netto driftsramme	34 520 354	34 273 000	100,72 %	33 978 407	1,59 %

Kommentar:

I 2020 vart det eit overforbruk på 0,72 %. Overforbruket skuldast i hovudsak desse forhold:

- Veldig små marginar på grunn av eit stramt driftsbudsjett.



- Ein god del høgare utgifter grunna covid-19-situasjonen til innkjøp av smittevernsutstyr, samt høgare sjukefråvær. Ein vesentleg del av ekstrakostnadane vart dekt inn ved ei budsjettauke i 3. budsjettjustering. Denne budsjettauka var i stor grad dekt av covid-19-kompensasjonsmidlar frå staten.
- Covid-19 gjorde det vanskeleg å halde ein like god totaloversikt som i eit ordinært år.

Drift og forvaltning

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Kommunale bygg, anlegg og vegar, adm.	12 828 701	12 394 800	103,50 %	12 959 799	-1,01 %
Landbruk, plan/oppmåling, naturforvaltning	1 373 240	1 580 200	86,90 %	1 275 261	7,68 %
Netto driftsramme	14 201 942	13 975 000	101,62 %	14 235 059	-0,23 %

Kommentar:

Dei største årsakene til overforbruket på kr 226 942 er:

- Innkjøp av reinhaldsmateriell til forbruk er kr 105 526 høgare enn budsjettert. Covid 19 situasjonen er grunngevinga. Eingangshanskar, munnbind, handsprit og desinfeksjonsmiddel har generert kostnader som ikkje var planlagt.
- Av ubudsjetterte hendingar, så visast det til tertialrapporteringane tilsvarande avvik på omlag kr 290 005.
- Overføring av lønnskostnadar til investeringsprosjekt blei tilnærma kr 230 000 mot budsjettert kr 1 000 000,-. Dette er for lågt. Det er ei utfordring å budsjettere lønnskostnadar inn i investeringsprosjekta. Her er eit forbettringspotensiale i budsjettarbeidet for komande år.
- Grunna overgang til arbeidsavklaring på ei stilling har det ikkje blitt refundert lønnskostnadar som tidlegare år / budsjettert.
- Avviket kunne blitt høgare, men det har vori eit gunstig år med omsyn på straum- og vintervedlikehaldskostnadar. Totalt har hovudtala for inntektene vori i overkant av budsjettert.

VARF (vatn, avløp/slam, renovasjon, feiing)

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Vassverk	0	161 100	0,00 %	56 229	-100,00 %
Avløp	919 764	628 500		1 045 506	
Slamtøming	0	0		0	
Renovasjon	0	0		0	
Feiarvesen	0	0		0	
Netto driftsramme	919 764	789 600	116,48 %	1 101 735	-16,52 %

Ansvarsområda slamtøming, renovasjon og feiing har krav om 100 % kostnadsdekning, og vert saldert av fond. Vassverk, som ikkje har krav om full kostnadsdekning, hadde eit overskot i 2020 som i sin heilskap er sett av til fond.

Kommentar:

Samla har alle fem ansvarsområda eit overforbruk à kr 130.164,-. Til sjølvkostområdet er det fleire kompliserte rekneskapsreglar med avskrivningar som avgjer resultat.



Vassverk har eit underforbruk i høve budsjett på kr 161.100, og har i tillegg hatt eit overskot på kr 142.641 (som er sett av til fond), som gjer at totalt underforbruk er kr 303.741. Hovudårsaka er lave renter, få uforutsette situasjonar gjennom året og låge straumprisar. Inntektene var litt under budsjettet. Fondet vert brukt neste gong kommunen har eit underskot på dette ansvarsområdet. Kommunen har ikkje vedteke full kostnadsinndekning på vatn, og det er berre unntaksvis at kommunen gjeng med overskot på dette området. I 2020 var dekningsgraden 108,08 %.

Avløp har eit overforbruk i høve budsjett på kr 291.264. Utgifter til tømning av kommunale tankar og anlegg vart betydeleg høgare enn budsjettet. I tillegg så vart kostnadane frå sjølvkostberekningane kr 58.817 høgare enn budsjettet, men dette kjem inn som ein høgare inntekt på eining 90 Andre sentrale inntekter og kostnader. Inntektene frå kommunale avgifter var litt høgare enn budsjettet. Kommunen har ikkje vedteke full kostnadsinndekning på avløp og dekningsgraden i 2020 var 79,87 %. Med ferdigstilt reinseanlegg på Nesmoen, vil kostnadane på dette området auke betrakteleg i 2021.

Slam hadde eit overskot på kr 223.606 som vart sett av til fond. Dette skuldast at utgiftene inkl. lønn generelt var lågare enn budsjettet. 2020 har vori hovudår for tømning av slamtankar. Inntektene vart litt lågare enn budsjettet. Kommunen *må* ha full kostnadsinndekning på dette området. Dekningsgraden var på 143,53 % i 2020. Ein reknar med at dekningsgraden vert lågare i 2021 når det ikkje er ordinær slamtømning. Det bundne fondet på området utgjer nesten kr 300.000.

Renovasjon hadde eit overskot på kr 363.074 som vart sett av til fond. Dette skuldast at utgiftene inkl. lønn generelt var lågare enn budsjettet. Inntektene var og litt høgare enn budsjettet. Opparbeida driftsfond på godt og vel 1,7 mill. tilsei at renovasjonsavgiftene ikkje treng å aukast i 2022. Kommunen *må* ha full kostnadsinndekning på dette området. Dekningsgraden i 2020 var på 112,62 %.

Feiing hadde eit overskot på kr 44.139 som vart sett av til fond. Det har generelt vore låge utgifter på området i 2020, men ein reknar med at utgiftene vil bli noko høgare i 2021 grunna ekstra lønskostnader og utgifter til registrering av piper på fritidsbustadar. Det har teke og vil ennå take noko kapasitet å ajourføre nødvendige register for feiing av piper på fritidsbustadar. Kommunestyret har vedteke at kommunen skal ha full kostnadsinndekning på feiing. I 2020 var dekningsgraden 107,28 %.

Store prosjekt

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Netto driftsramme	1 508 526	1 752 000	86,10 %	1 082 452	39,36 %

Tabellen viser nettokostnad inkl. fondsbruk.

Kommentar:

Eininga inneheld følgjande driftsprosjekt i 2020:

	Rekneskap 2020
Store prosjekt	
Reguleringsplan Ose	136 156
Opprusting av vegar	930 702
Setesdal Vekst	666 250
Prosjekt gratis tomter	200 000

Tabellen viser bruttokostnad ekskl. fondsbruk.



Ras- og flaumsikringsprosjektet var eigentleg og budsjettert med i 2020, men her vart det ingen kostnadar grunna at ein ikkje rakk å gjere ferdig anbudsprosessen innan året var omme. Desse kostnadane kjem i 2021 i staden. Planen er å bestille ei flomutgreiing for Åraks- og Byglandsfjorden som ein del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Kostnadane til vegvedlikehald vart litt høgare enn budsjettert, mens Setesdal Vekst enda under den budsjetterte kostnaden. Kostnaden til gratis tomter var i tråd med budsjett. Når kommunen gjev bort ei tomt, skal den utgiftsførast i driftsrekneskapen som eit tilskot, og inntektsførast i investering som eit sal, tilsvarande den opphavlege salsverdien av tomta. I 2020 er det gjeve bort ei tomt i Rindan på Bygland.

I 2020 er det gjort følgjande arbeid innan vegvedlikehald:

- ❑ Hogst og bortkøyring av store grantre langs kommunal veg på Sandnes.
- ❑ Grusing av utvalde strekningar
- ❑ Innkjøp av nye vegskilt fleire stadar
- ❑ Utbetring av vegstrekninga gjennom Ose sentrum
- ❑ Diverse asfaltering
- ❑ Nytt autovern på delar av Haugetveitsvegen og vegen til Gausi.
- ❑ Drenering av overvatn på problemstrekning i Prestlidi nord.
- ❑ Retting av stolpar og 16 nye ledlamper langs vegen til Jordalsbø. Må også sjåast i samanheng med inv prosjekt nr 752.



**Eksterne samarbeid****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:**

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Fellesutgifter	710 038	637 000	111,47 %	778 272	-8,77 %
Kontrollutvalet	134 000	134 000	100,00 %	130 000	3,08 %
Revisjon	635 000	610 000	104,10 %	604 000	5,13 %
IKT	2 909 797	2 775 000	104,86 %	2 939 313	-1,00 %
PPT	712 381	773 000	92,16 %	744 637	-4,33 %
Musikk og kulturskule	351 792	425 000	82,77 %	204 490	72,03 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	414 400	413 000	100,34 %	401 900	3,11 %
Setesdal barnevern	4 768 196	5 000 000	95,36 %	4 420 091	7,88 %
Legevakt	802 093	666 000	120,43 %	649 963	23,41 %
Kommunal øyeblikkelig hjelp	509 300	509 000	100,06 %	494 000	3,10 %
Lokalmedisinske tenester	626 912	782 000	80,17 %	697 644	-10,14 %
Setesdal Brannvesen IKS	2 386 204	2 386 000	100,01 %	2 075 802	14,95 %
NAV Midt-Agder	1 826 295	1 750 000	104,36 %	2 174 199	-16,00 %
Vassdragstyre for øvre Otra	274 531	250 000	109,81 %	508 296	-45,99 %
Netto driftsramme	17 060 939	17 110 000	99,71 %	16 822 607	1,42 %

NAV Midt-Agder vart effektivert i 2020. Kostnadane for 2019 er henta frå då kommunen hadde eit sjølvstendig NAV-kontor.

Kommentar:

Under fellesutgifter ligg det nokre kostnader til settesakshandsamar som det ikkje var budsjettert for.

Setesdal IKT har ei overskriding på om lag kr 135.000, som primært skuldast behov og oppgraderingar som har dukka opp i løpet av året, som ikkje låg inne i opphavleg budsjett. Det kan og leggast til at det opphavlege budsjettet var veldig stramt.

Setesdal Brannvesen IKS har hatt ekstraordinære kostnader til m.a. kurs og sertifikat i 2020, som gjer at kostnaden aukar med nesten 15 % frå 2020.

NAV Midt-Agder har i utgangspunktet vært i tråd med budsjett, men det har vore nokre særskilte «NAV-kostnader» som har vore fakturert direkte til kommunen, som ikkje har vore budsjettert for.

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei einskilde samarbeida.



Andre sentrale inntekter og kostnader

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2020:

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Forbruk	Rekneskap 2019	Endring frå 2019 til 2020
Mva-kompensasjon	-3 969 241	-3 700 000	107,28 %	-4 135 275	-4,02 %
Konsesjonskraft-/avgifter	-6 811 176	-6 228 000	109,36 %	-5 432 412	25,38 %
Bruk næringsfond	1 963 978	1 580 000	124,30 %	3 309 842	-40,66 %
Sjølvkost	-2 401 293	-2 900 000	82,80 %	-2 498 413	-3,89 %
Premieavvik	889 076	0		-2 235 258	-139,78 %
Pensjonsføring	-2 979 597	-2 400 000	124,15 %	1 278 873	-332,99 %
Anna	-522 184	-500 000	104,44 %	-3 476	14920,91 %
Netto driftsramme	-13 830 437	-14 148 000	97,76 %	-9 716 119	42,35 %

Kommentar:

Meirverdiavgiftskompensasjonen vart om lag kr 270.000 høgare enn budsjettert. Bruk av næringsfond vart noko høgare enn budsjettert, medan sjølvkostrekneskapet ga ein litt mindre inntekt enn budsjettert. Nettoinntekta av pensjonsføringane inkl. premieavvik vart noko lågare enn budsjettert. Ei ekstraordinær overføring av konsesjonskraftinntekter kompenserer i nokon grad at nokre av dei andre områda vart dårlegare enn budsjettert.





1.4 Bevilingsoversikt investering

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019
1 Investeringer i varige driftsmidler	4, 12	26 297 530	26 262 000	25 840 000	19 535 092
2 Tilskudd til andres investeringer		0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5	499 549	500 000	600 000	489 524
4 Utlån av egne midler	10	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	6	0	0	0	864 801
6 Sum investeringsutgifter		26 797 079	26 762 000	26 440 000	20 889 417
7 Kompensasjon for merverdiavgift		-1 380 529	-1 557 400	-1 508 000	-1 730 314
8 Tilskudd fra andre	13	-1 208 000	-1 208 000	0	-3 409 000
9 Salg av varige driftsmidler		-268 297	-238 000	-300 000	-131 500
10 Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	-600 000
11 Utdeling fra selskaper		0	0	0	-909 600
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler		0	0	0	-559 415
13 Bruk av lån		-23 258 600	-23 258 600	-24 032 000	-15 466 151
14 Sum investeringsinntekter		-26 115 426	-26 262 000	-25 840 000	-22 805 981
15 Videreutlån (startlån)	10	0	300 000	300 000	1 151 950
16 Bruk av lån til videreutlån		0	-300 000	-300 000	0
17 Avdrag på lån til videreutlån		1 077 843	1 063 000	800 000	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån		-996 909	-950 000	-800 000	0
19 Netto utgifter videreutlån		80 935	113 000	0	1 151 950
20 Overføring fra drift		0	0	0	0
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	9	-80 935	-113 000	0	-305 385
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond		-499 549	-500 000	-600 000	1 070 000
Bruk av tidligere års udisponert		0	0	0	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger		-580 484	-613 000	-600 000	764 615
25 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)		182 103	0	0	0

Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidlar, vert kommentert i avsnitt 1.5 Bevilingsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP og samsvarar med budsjett. Dette vert dekt av ubunde investeringsfond.

Investeringsinntekter

Sal av minibussen ved slutten var året var ikkje teke omsyn til i budsjettet, og er hovudårsaken til budsjettavviket på inntekter frå sal av varige driftsmidlar. Kompensasjon frå meirverdiavgift vart lågare enn budsjettert grunna at ein del av prosjekta som gjev meirverdiavgiftskompensasjon hadde mindreforbruk.

**Vidareutlån**

Det har ikkje blitt innvilga startlån i 2020. Netto utgifter på kr 80.935 vert dekke av «avdragsfond» for startlån.

Framført til inndekning i seinare år

Udekka beløp på kr 182.103 indikerer at investeringsrekneskapa har hatt eit meirforbruk på dette beløpet i 2021. Dette vert dekt inn i samband med 1. tertialjustering i 2021.

1.5 Bevilgningsoversikt investering, til fordeling

	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019
Investeringer i varige driftsmidler				
559 Reinseanlegg og brannstasjon Bygland	20 472 197	20 500 000	19 000 000	13 332 177
563 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	694 865	650 000	1 000 000	477 419
566 Etablere/utvide søppelplass - Nesmoen				367 856
567 Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	65 845	100 000	1 500 000	
568 Sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø	0	0	200 000	
569 Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	152 195	200 000	500 000	
601 Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	0	0	126 199
602 Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	368 273	220 000	0	894 659
603 Turveg Byglandsfjord	40 954	40 000	200 000	23 557
605 Uteareal Bygland barnehage	570 490	550 000	0	296 992
752 Utbygging av gateljos	365 642	300 000	300 000	
753 Prosjektering ladestasjonar	0	0	250 000	
804 Kartverk - Geovekstprosjektet	0	0	250 000	106 575
817 Kjøp tomtegrunn	140 860	150 000	300 000	46 000
828 IFK plan (idrett og friluftsliv)	0	0	150 000	
841 Detaljprosjektering VA - Landeskogen	0	0	450 000	
847 Utvikling av Presteneset	2 080 585	2 000 000	0	
848 Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	274 232	250 000	600 000	535 793
869 Ombygging av gammel gymsal til aula Bygland skole	10 451	10 000	0	2 078 124
875 Brannsikring trehusbebyggelsen på Ose	190 762	220 000	220 000	
876 Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland				242 888
877 Lokale for ungdomsklubben m.fl.	29 300	30 000	200 000	
878 Stasjonsområdet Byglandsfjord	119 620	300 000	200 000	
879 Innkjøp av minigraver - 2019	0	0	0	486 732
880 Innkjøp av varebil - 2019				441 953
881 Nye plenklypparar - 2020	391 398	392 000	320 000	
883 Prosjektering ENØK-tiltak Byglandsheimen	126 297	150 000	0	
885 Ny sandfeiemaskin - 2020	203 564	200 000	200 000	
1049 Byglandsfjord legekantor - innredning 2017-				78 168
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper				
951 Eigenkapitalinnskott KLP	499 549	500 000	600 000	489 524
Sum fordelt	26 797 079	26 762 000	26 440 000	20 024 616



Kommentarar til fleirårige prosjekt

Prosjekt 559: Reinseanlegg og brannstasjon Bygland

Planen var å ferdigstille anlegget innan september 2020. Covid-19-situasjonen gav nokre forseinkingar i leveransar utfordringar m o p eksternt personell og reiserestriksjonar. Stasjonen / anlegget blei teken i bruk like før jol 2020 og i romjola. I høve vedteken budsjetttramme, så kom det til nokre ekstra kostnadar, men dei vert ikkje bokført før i 2021. Mange faktorar forklarar dette men hovudårsaken ligg i at uteplassareala blei endra i forhold til utgangspunktet. Ein ynskjer å ha ei opningsmarkering for heile anlegget når covid-19-situasjonen er forbi. I høve storleiken på prosjektet, så har det vori krevjande m o p arbeidskapasitet for fleire tilsette, og det står igjen nokre arbeidspunkt av administrativ karakter. Reinseanlegget og bygget elles fungerer veldig bra.

Prosjekt 567: Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng

Det var eit ønske om å fullføre prosjektet i 2020. Då covid-19 situasjonen oppstod, så blei det konkludert med å utsette prosjektet til ein viste meir omkring smittesaka. Det er i 2020 utarbeidd anbudsdokument og oppdraget er tildelt entreprenør. Prosjektet skal vere ferdig august / september 2021.

Prosjekt 569: Luftesystem og blåsemaskinar Byglandsfjord reinseanlegg

Utifrå kapasitet blei dette prosjektet noko nedprioritert. RA – Bygland blei prioritert. Vidare arbeid med tiltaket held fram når telen i bakken forsvinn våren 2021.

Prosjekt 602: Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter

Det er ønskeleg å arrondere terrenget noko meir våren 2021, og etablere nokre reinare linjer m o p asfaltering, plen , mv. Det føreligg eit overforbruk som kan forklarast utifrå ei heilskapleg vurdering undervegs i prosjektet.

Prosjekt 603: Turveg Byglandsfjord

Prosjektet vart teke omsyn til i arbeidet med stasjonsområdet sidan desse to prosjekta er nært knytt til kvarandre. Det blir vurdert om turvegen skal inngå i revideringa av reguleringsplan for Byglandsfjord.

Prosjekt 847: Utvikling av Presteneset

Kostnadar knytte til kjøp av «nye prestegardsbustaden» på Presteneset. Parallelt har kommunen og delteke i konkurransen Gnist med fokus på utvikling av området på Presteneset. Søknaden hadde fokus på samskaping, innovasjon og attraktivitet. Søknaden nådde ikkje heilt opp, men kommunen er med vidare som følgjekommune.

Prosjekt 877: Lokale for ungdomsklubben m.fl.

Ei breitt samansett arbeidsgruppe såg på kva behov ungdomsklubben har og korleis ein best kan nytte Heradshuset til glede for innbyggjarane. Konklusjonen vart at Heradshuset krev mykje rehabilitering for å tilfredsstille behov og regelverk. Administrasjonen ønska å sjå på andre lokale for ungdomsklubben og potensialet for sambruk. Ei ny arbeidsgruppe vart sett saman, men grunna smitterestriksjonar så har det vidare arbeidet blitt utsett.

Prosjekt 878: Stasjonsområdet Byglandsfjord

Ei breitt samansett arbeidsgruppe har sett på korleis området kan utviklast med fokus på infomasjon, opplevingar og aktivitet. Det er gjennomført ein moglegheitsstudie med brei involvering som syner moglegheitene og potensialet. Moglegheitsstudien vart gjennomført ved hjelp av ekstern konsulent.



Kommentarar til prosjekt som er ferdigstilt i 2020

Prosjekt 563: Rehabilitering av kloakkpumpestasjonar

Rehabilitering av kloakkpumpestasjonane har planmessig skjedd siste åra. I 2020 er kloakkpumpestasjonen i Hampefjell blitt ferdig. No står bare kloakkpumpestasjonen på Ose igjen. Den ønskjer ein å rehabilitere når reguleringsplan for Ose bygdesenter er ferdig. Endeleg plassering av stasjonen søkjast klårgjort i reguleringsplanprosessen.

Prosjekt 605: Uteareala Bygland barnehage

Bestilt gapahuk blir montert våren 2021 når telen i bakken forsvinn. Utover dette er prosjektet å rekne som ferdig.

Prosjekt 752: Utbygging av gateljos

Det blei prioritert å bytte ut gateljos langs Rv 9 i Grendi (8 stk). Eit gammalt tennskåp måtte også byttast ut saman med omlegging av nokre el-leidningar. På Bygland blei det bytta til 11 nye leddlamper i Bygland sentrum. Overskridinga skuldast uforutsett kostnad med utdatert tennskåp til anlegget på Bygland.

Prosjekt 817: Kjøp av tomteareal

Festetomta til 5-mannsbustaden Femstad blei frikjøpt. Bygget blir lagt ut til sal vinter / vår 2021.

Prosjekt 848: Kjøle- og ventilasjonssystem Byglandsheimen

Tiltaket er ferdig og tilpassa eventuelle framtidige alternative oppvarmingsløyser. Prosjektet blei kr 325 768 billigare enn sett føre.

Prosjekt 875: Brannsikring Ose sentrum

Prosjektet er ferdig og blir verksamt i løpet av våren 2021.

Prosjekt 881: Nye plenklypparar

To nye klypparar blei kjøpt inn til erstatning for to 10 år gamle maskiner. Det blei også kjøpt inn ein robotklyppar til Byglandsheimen.

Prosjekt 883: Kartlegging av moglege ENØK-tiltak Byglandsheimen

Prosjekthuset AS blei engasjert til å lage ein energirapport for bygningskomplekset. Rapporten har sett på dagens energibruk samt at den belyser ENØK-tiltak som er fornuftige å gjennomføre. Den mest aktuelle teknologien for Byglandsheimen er å montere væske / vatn-varmepumpe eller luft / vatn-varmepumpe. Det beste alternativet gir ei energiinnsparing på omlag 167 000 kWh og ei innteningsstid på investeringa på 4,66 år.

Prosjekt 885: Ny sandfeiemaskin

Den 10 år gamle godt slitte sandfeiemaskina blei bytta ut med ei ny.

Kommentarar til ikkje gjennomførte prosjekt 2020

Prosjekt 804: Kartverk / geovekstprosjektet

Det har årleg vori avsett ein sum til dette prosjektet. Prosjektet er drive av Statens kartverk med kommunane som samarbeidspartnarar. Aktiviteten varierer frå år til år og kommune til kommune. Det har ikkje vori kartleggingsaktivitet i Bygland dette året. Det er venta aktivitet i 2021 for å følgje opp nasjonalt skråfotoprojekt.

**Prosjekt 568: Nytt UV-anlegg Åraksbø**

Dette blei sett på vent fordi ein ynskjer å sjå på moglegheitene for om sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø kan vere rekningsssvarande. Dette er eit prosjekt i 2021.

Prosjekt 753: Prosjektering av ladestasjonar

Moglegheitene blei undersøkt. Det blei konkludert med at det ikkje var aktørar i marknaden som såg kommersielle moglegheiter på Ose og Byglandsfjord til å ville satse på ladestasjonar. Prosjektet blei såleis avslutta.

Prosjekt 841: Detaljprosjektering Landeskogen

Prosjektet er sett på vent grunna oppstart av ein moglegheitsstudie initiert av Aktive Fredsreiser. Arbeidet skal bidra til å avklare retning og fokusområde for framtidig utvikling av Landeskogen. Før denne studien er klar vil det vere lite formålstenleg med større investeringar i infrastruktur rundt Landeskogen.

1.6 Balanserekneskap

Omløpsmidlar

	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Endring i kroner	i %
Bankinnskudd og kontanter	63 056 546,22	59 599 674,44	3 456 871,78	5,80 %
Obligasjonar			0,00	
Sertifikater			0,00	
Kundefordringer	3 158 208,23	3 754 548,75	-596 340,52	-15,88 %
Konserninterne kortsiktige fordringar	830 462,76	2 903 045,00	-2 072 582,24	-71,39 %
Derivater			0,00	
Andre kortsiktige fordringar	3 783 887,75	4 464 171,78	-680 284,03	
Aksjer og andeler			0,00	
Premieavvik	13 499 681,13	14 665 467,13	-1 165 786,00	-7,95 %
SUM OMLØPSMIDLER	84 328 786,09	85 386 907,10	-1 058 121,01	-1,24 %

Kommentar:

Tilførsel av ymse tilskot som er sett av til bundne fond, gjer sitt til at likviditeten er styrka i 2020. Akkumulert premieavvik har og gått ned, det same har kortsiktige fordringar har gått ned, og totalt sett er då også omløpsmidlane redusert med 1,24 %. Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa vert å sjå på som ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar. Kommunen har difor satt av kr 5 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane.

Anleggsmidlar

	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Endring i kroner	i %
Pensjonsmidler	240 737 569,00	223 648 159,00	17 089 410,00	7,64 %
Aksjer og andeler	15 156 578,00	14 657 029,00	499 549,00	3,41 %



Utlån	7 653 622,10	8 650 530,84	-996 908,74	-11,52 %
Konserninterne langsiktige fordringer			0,00	
Utstyr, maskiner og transportmidler	7 228 112,58	7 089 746,12	138 366,46	1,95 %
Faste eiendommer og anlegg	211 702 530,61	193 979 309,89	17 723 220,72	
Immaterielle eiendeler			0,00	
Obligasjoner			0,00	
SUM ANLEGGSMIDLER	482 478 412,29	448 024 774,85	34 453 637,44	7,69 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2019 til 2020. Samla auka anleggsmidla med kr 34,5 millionar. Auken i anleggsmidla skuldast dels auke i pensjonsmidla, og dels auke i faste eigedomar og anlegg. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei snaue 241 millionane kommunen har i pensjonsmidlar. Avskrivningar av anleggsmidlar utgjorde kr 8,1 millionar i 2020, medan årets tilgang (aktiverte nyinvesteringar for 2020) utgjorde om lag 26 millionar. Balanseført verdi av faste eigedomar og anlegg har derfor auka.

Kortsiktig gjeld

	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Endring i kroner	i %
Annen kortsiktig gjeld	-16 205 841,01	-15 767 231,86	-438 609,15	2,78 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-575 778,01	-825 262,56	249 484,55	-30,23 %
Derivater			0,00	
Leverandørgjeld	-6 487 392,51	-8 608 784,43	2 121 391,92	
Premieavvik	-637 677,00	-914 387,00	276 710,00	-30,26 %
SUM KORTSIKTIG GJELD	-23 906 688,53	-26 115 665,85	2 208 977,32	-8,46 %

Kommentar:

Den kortsiktige gjelda er kr 2,2 millionar lågare i forhold til 2019. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 0,6 millionar av den forpliktinga. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 12,9 millionar (ned frå 13,8 millionar i 2019).

**Langsiktig gjeld**

	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Endring i kroner	i %
Pensjonsforpliktelse	-252 794 231,61	-255 221 472,61	2 427 241,00	-0,95 %
Obligasjonslån			0,00	
Obligasjonslån med forfall i neste regnskapsår			0,00	
Sertifikatlån			0,00	
Gjeld til kredittinstitusjoner	-147 342 008,60	-130 066 979,14	-17 275 029,46	13,28 %
Avsetning for forpliktelser			0,00	
Konsernintern langsiktig gjeld			0,00	
SUM LANGSIKTIG GJELD	-400 136 240,21	-385 288 451,75	-14 847 788,46	3,85 %

Kommentar:

Oversikta syner at langsiktig gjeld utover auka pensjonsforplikting, har gått opp med cirka kr 17 millionar. Kommunen betalte kr 4,9 millionar i ordinære avdrag i 2020, medan det vart teke opp eit nytt lån på kr 23,3 mill. Av andre lån er ca. kr 9,3 millionar knytt til startlån. Pensjonsforpliktinga er redusert med ca. kr 2,4 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 12,1 millionar i negativ retning (ned frå 31,6 millionar i 2019).

Eigenkapital

	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Endring i kroner	i %
Bundne driftsfond	-27 593 801,13	-25 640 687,57	-1 953 113,56	7,62 %
Ubundne investeringsfond	-1 178 845,61	-1 678 394,61	499 549,00	-29,76 %
Bundne investeringsfond	-260 504,65	-341 439,35	80 934,70	-23,70 %
Disposisjonsfond	-30 164 311,84	-31 428 830,18	1 264 518,34	-4,02 %
Prinsippendringer som påvirker AK (investering)			0,00	
Prinsippendringer som påvirker AK (drift)	1 951 787,00	1 951 787,00	0,00	0,00 %
Merforbruk i driftsregnskapet		1 183 448,10	-1 183 448,10	-100,00 %
Mindreforbruk i driftsregnskapet			0,00	
Udisponert beløp i investeringsregnskapet			0,00	
Udekket beløp i investeringsregnskapet	182 103,31		182 103,31	
Kapitalkonto	-85 700 696,72	-66 053 447,74	-19 647 248,98	29,74 %
SUM EGENKAPITAL	-142 764 269,64	-122 007 564,35	-20 756 705,29	17,01 %

Kommentar:

Tabellen syner utviklinga frå 2019 til 2020. Disposisjonsfondet vart redusert primært grunna inndecking av meirforbruk for 2019 (1,18 mill.). Rundt 1 mill. av bruken er og som følge av ein planlagd bruk av disposisjonsfond (vegprosjektet og bygdebok). Elles så er det tilført om lag 0,7 mill. til fritt disposisjonsfond og snaue 0,3 mill. til flyktningefondet. Samla er ubundne disposisjonsfond pr. 31.12.20 på kr 30,16 millionar, og består av følgjande fond:



<i>Fond</i>	<i>Saldo</i>
Disposisjonsfond	4 570 320
Bygdebokfond	2 178 718
DFV Fond	1 000 000
Flyktningefond	12 801 897
Rentefond	1 000 000
Bygland oppvekstsenter	948 518
Premiefond Pensjon	5 000 000
Meirforbruk/mindreforbruk	2 664 858
Sum disposisjonsfond	30 164 312

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 12,9 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette er mest gunstig slik det er no. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år.

Bundne fond er auka med om lag kr 1,95 mill. sidan 2019. Dette skuldast primært øyremerka tilskot som har blitt tilført kommunen i løpet av året, som ikkje har blitt brukt opp. Bundne fond er spesifisert i note 9 i rekneskapsoversikta.





1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2020. Merk at dette er ureviderte tal per 15.03.21. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli, Iveland og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane som høyrer til KOSTRA-gruppe 5.

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Netto driftresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	1,2	6,5	7,1	3	3,8
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	34,2	30,5	37,9	23,5	27,9
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	39,8	39,2	-14,7	32,9	25,6
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	90,2	83,5	53,3	94	90,2
Frie inntekter per innbygger (kr)	84764	83089	75577	77047	81139
Fri egenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	23,7	23,2	30,2	10,7	15,9
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	15,8	4	13,1	15,5	21,4
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringer (%)	11,6	60,5	36,5	23,5	34

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, men ein ser og at netto driftsresultat er ein del lågare enn dei andre kommunane og kommunegruppa. Dette kan i nokon grad skuldast planlagd bruk av disposisjonsfond (vegfond og bygdebokfond) på om lag kr 1 mill. Korrigerer ein for dette, vert netto driftsresultat 1,8 % av brutto driftsinntekter, som likevel er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa. Når ein samanliknar med budsjett for 2020, så må ein likevel kunne seie at kommunen har hatt et positiv utvikling i løpet av året.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er vesentleg høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av næringsfondet (17,7 mill.) og er inkludert i dette talet.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter på 39,8 % indikerer at ei renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil «ete» 0,398 % av driftsinntektene. Dette talet viser altså i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet høgare enn snittet for KOSTRA-gruppe 14.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg heilt likt med gjennomsnittet for kommunegruppa, men likevel høgare enn kommunen sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Fylkesmannen si anbefaling (75). Målet er å redusere dette talet i løpet av de kommande åra.

Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2016-2020

	Bygland				
	2016	2017	2018	2019	2020
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	9,4	3,3	-0,3	-5,4	1,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	43,3	43,8	36,7	27	34,2
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	19,9	3,5	8,6	34,9	39,8
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	81,4	81,4	80	80,7	90,2
Frie inntekter per innbygger (kr)	73336	74834	77667	81204	84764
Fri egenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	22,5	27,9	26	18,8	23,7
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	12,6	6,2	5,7	13,6	15,8
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringer (%)	16,7	59,4	-19,6	15,7	11,6



2016 var eit ekstraordinært godt år med mellom anna gode inntekter frå integreringstilskot og låge pensjonsutgifter. Dette året var og det første året som hadde full verknad av kuttprosessen frå 2015.

Likviditeten, representert ved arbeidskapital, vart kraftig redusert i 2019, som var et særst dårleg økonomisk år, men har i 2020 auka til 34,2, som ikkje er så langt unna nivået i 2018. I 2018 var det planlagd bruk av disposisjonsfond som gjorde at likviditeten vart svekka i høve 2017. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2016-2018. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2019 og 2020 har gått kraftig ned, noko som gjer at frie inntekter per innbyggjar vert, relativt sett, høgare. Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter har auka i same grad.

Nivået på langsiktig gjeld frå 2016 til 2020 kan sjåast i direkte samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter. Færre og mindre investeringar i 2016-2018 har ført til at ein har redusert den langsiktige gjelda noko. Dette har vore ein bevisst strategi etter investeringa i fleirbrukshallen på Bygland i 2015, som var rekna for å vere ein relativt stor investering sett i samanheng med dei økonomiske storleikane elles i kommunen. I tillegg har ein visst at det låg inne i økonomiplanen at kommunen måtte investere i eit nytt reinseanlegg på Bygland i eit av dei nærmaste åra, estimert til om lag kr 30 millionar. Denne investeringa blei begynt på i 2019 og er hovudårsaka til at måltalet for langsiktig gjeld gjekk litt opp i 2019. Som signalisert i årsmelding for 2019 og økonomiplanen for 2021-2024, så har dette talet gått betydeleg opp i 2020. Talet er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2021-2024, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå sjukerefusjon mv.

Auka i disposisjonsfond (fri eigenkapital) frå 2016 til 2017 skuldast i stor grad tilførsel til ordinært disposisjonsfond som følgje av positive økonomiske resultat, samt tilførsel til flyktningefondet grunna store inntekter frå integreringstilskot i perioden. Reduksjonen frå 2017 til 2018 skuldast først og fremst planlagd bruk av disposisjonsfondet til vedlikehald av veg, samt honorar til bygdebokforfattaren. Inntektene frå integreringstilskot ser ein har minka i 2019, og dei har fortsatt å minke i 2020, men pga. få flykningar og tidvis redusert stilling til flyktningkonsulent vart det sett av om lag kr 270.000 til flyktningefondet i 2020 likevel. For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som vart gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg litt over dette måltalet, men med prognosane ein opererer med for perioden 2021-2024 vil kommunen ligge langt under dette måltallet ved slutten av den perioden, viss ikkje ein klarer å få skuta på rett kjø.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. F.eks. i 2017 fekk ein både tilskot frå Husbanken for bygging av «flyktningebustad II» og spelemidlar for fleirbrukshallen, noko som førte til at eigenfinansieringa var ekstra høg dette året. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi på dette området.

Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2020-2024 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2020 til 2024 i dei finansielle måltala som kommunestyret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- Dei årlege driftsbudsjetta skal leggast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjons-fond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2021-2024 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2021 til 2024 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2020 til 2024 er som følgjer:



	Bygland				
	2020	2021	2022	2023	2024
Bruk av ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0	-721	5017	5025	5142	5125
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	90	90	89	88	87
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	23	13	8	3	0

Som ein ser så vert tala meir «raude», dess lenger ut i perioden ein kjem. Det er difor lagt opp til at kommunen må redusere driftsutgiftene i løpet av 2021, med sikte på å leggje fram eit budsjett for 2022 som balanserar utan bruk av ordinært disposisjonsfond.

Redusert utbytte frå Agder Energi, samt auka avdrag og renter som følgje av investeringa på 34 millionar i reinseanlegg/brannstasjon på Bygland er det som bidreg mest til at tala har ein negativ utvikling i perioden. Utbytte frå Agder Energi ligg an til å bli lågt i 2022 også, med visse atterhald, men frå 2023 og ut har ein ikkje gjort nokon kvalifisert vurdering på kva utbyttet kan bli.

Disposisjonsfondet (frie midlar) har ei særdeles negativ utvikling i løpet av perioden. Viss ein lukkast med å redusere driftsutgiftene i 2021/2022, vil dette talet kunne stabilisere seg rundt 15-20 prosent frå 2021 og ut perioden.

1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
Samla fondskapital	17.780.000

Disponeringa av næringsfondet i 2020 følgjer av tabell på neste side.

Det negative talet nesten nedst i tabellen (kr -255.581) viser netto bruk av næringsfondet i 2020, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette reduserer den ubundne kapitalen av fondet med kr 255.581 i løpet av 2020. Ein slik bruk av fondet vil ikkje vere berekraftig på lengre sikt, og ein har difor i økonomiplanen budsjettert med at ein frå og med 2021 kan bruke maks like mye av fondet som det ein får inn i inntekter.

Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område. Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2020. Inntekt på fiberprosjekt er ei tilbakeføring av «prosjektoverskot» etter ferdigstilling av fiberprosjektet i Jordalsbø. Kostnaden som er oppgjeve på Setesdal Vekst er kommunen sin del av finansieringa, som er delt 50/50 med Setesdal interkommunalt politiske råd.




Årets tilgang:	Rekneskap	Budsjett
<i>Konsesjonskraftavgift</i>	3 235 982	3 200 000
<i>Renteinntekter</i>	<u>213 437</u>	<u>200 000</u>
Sum avsetning	3 449 419	3 400 000
Årets bruk:		
<i>Setesdal Regionråd</i>	1 300 000	1 300 000
<i>Avdrag på gjeld (ref. 3. budsjettjustering)</i>	1 113 325	1 195 000
<i>Reiseliv</i>	64 930	60 000
<i>Reguleringsplan Ose</i>	113 797	110 000
<i>Tilskot Bygland Sikringsradiolag</i>	5 000	5 000
<i>Ras- og flaumssikringsprosjekt</i>	-	90 000
<i>Tilskot Norsk Landbruksrådgeving Setesdal</i>	30 000	30 000
<i>GPS-merkingsprosjekt villrein Setesdal Vesthei</i>	15 000	15 000
<i>Fiberprosjekt</i>	-439 287	-440 000
<i>Lønnsandel næringsansvarleg</i>	230 000	230 000
<i>Tilskot Bjoren - ordinært årleg tilskot</i>	104 000	104 000
Næringstilskot delegert:		-
<i>Bjoren - ekstraordinært tilskot 2019</i>	93 803	96 000
<i>Støtte til gateljos Åraksbø båtforening</i>	10 000	-
<i>Tilskot Sesiåmi</i>	10 000	10 000
<i>Etableringstilskot Spotlight Frisør</i>	30 000	
<i>Tilskot produktutvikling Ose Water</i>	100 000	-
<i>Tilskot produktutvikling Byglandsfjord Sag</i>	100 000	
<i>KVS - markedsføringstilskot</i>	100 000	-
Næringstilskot PMR:		
<i>Kommunale jordbrukstilskudd</i>	440 532	400 000
Næringstilskot formannskapet:		
<i>Setesdal Vekst</i>	<u>283 900</u>	<u>500 000</u>
Sum bruk	3 705 000	3 705 000
<i>Investering</i>	-	-
Netto bruk/avsetning	-255 581	
Saldo pr 31.12	19 028 650	
Bunden kapital	<u>17 780 000</u>	
Ubunden kapital pr 31.12	1 248 650	



ÅRSBERETNING – DEL 2: ORGANISERING, LIKESTILLING, ETIKK OG ANDRE NØKKELTAL

Årsberetninga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova. I denne delen er det fokus på bokstav c-f i denne paragrafen, som mellom anna seier at årsberetninga skal greie ut om tiltak som skal sikre høg etisk standard, og greie ut om faktisk likestilling i kommunen som organisasjon. I denne delen har ein og inkludert kommunen si overordna organisering, inkl. interkommunale samarbeid.






2.1 Organisering, likestilling og personale

Organisering og overordna mål

Organisasjonskart:



Dette var organisasjonskartet i 2020.

Aasmund Lauvdal var kommunedirektør fram til midten av november då John Salve Sigrindnes overtok

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er
"Med hjarta i Bygland"

Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2020 har vore på 6,33% gjennomsnittleg for heile kommunen, det er noko lågare enn for 2019 då det var 7,19%.

Forhandlingar

I 2020 var det hovudoppgjer utan lokale forhandlingar heimla i kap. 4 i HTA (sentrale tillegg). Berre lokale forhandlingar i kap. 3 og 5 (får ikkje sentrale tillegg). Pga. pandemi (korona) situasjonen landet/kommunen var i fråstod leiargruppa tillegg i år. Kap. 4 fekk sentrale tillegg i spennet 1400-2000,- pr årsverk og år, og tilsette i kap. 5 fekk eit lokalt tillegg på 2000,- pr årsverk og år.

Styringsdokument

I 2020 vart det administrativt gjennomgang av personalplanane våre men pga. omprioriterte arbeidsoppgåver vil dei ikkje bli vedtekne før i 2021.

Likestilling

Det var undersøkjing knytt til heilt/deltid blant dei tilsette i 2020 men det blei ikkje sett i gang spesielle tiltak i 2020 ut over dei som er vedtekne i likestillingskap. i personalhandboka vår.



Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

Tiltak 2

Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 14-7 bokstav 5).

Tiltak 3

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

Tiltak 4

Inngå i kommunen sine overordna planar.

Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.

Tiltak 1

Ut frå bla. medarbeidarsamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

Kommentar:

I kompetanseplanen vedteken i 2020 er kompetansetiltaka retta mot begge kjønn. Det er nok likevel flest kvinner som tek etter/vidareutdanning ut frå at det er fleire kvinner enn menn som jobbar i kommunen. Det er kompetansehevingstiltak for undervisningspersonell og i denne sektoren er det hovudvekt av kvinner.

Ein mann og ei kvinne tek master i leiing. Altså er begge kjønna representert når det gjeld kompetanseheving men sidan det er flest kvinnelege tilsette hjå oss vil det og vere rimeleg at det er flest kvinner som tek etterutdanning/vidareutdanning. Når det er sagt vil sjølvsagt kommunen sitt behov for ei viss utdanning vere det utslagsgjevande.

Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

Tiltak 1

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.



Kommentar:

Alle arbeidstakarane vart i år som i åra før vurdert ut frå sentrale kriterier og lokale kriterier tatt opp i drøftingsmøte mellom partane.

Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

Tiltak 1

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Kjønnsfordeling i leiargruppa

	% kvinner	% menn
Totalt	50%	50%

Det er no like mange kvinner og menn i kommunedirektøren si leiargruppe. Gruppa er lita og “utskifting” av ein person gjev store utslag noko ein har sett opp gjennom åra.

Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiseras med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Heiltid/deltid vert ofte sett på i samanheng med likestilling. I 2020 var det undersøkjing blant dei tilsette. Dette resultatet var tema på samarbeidsmøtet med tillitsvalte 29.09.20. Undersøkjinga viste at mange deltidstilsette i kommunen ikkje ynskjer 100% stilling, storparten har den stillingsstorleiken dei ynskjer seg. Etter drøfting i møtet blir konklusjonen at vi held fram med å bruke retningslinene som Personalhandboka gjev der ein foreslår tiltak som:

- *Arbeid på tvers av einingar/avdelingar/sektorar.*
- *Vikar pool.*
- *Auka grunnbemanning.*
- *Alternative arbeidstidsordningar.*
- *Organisering av helgearbeidet.*



2.2 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapet for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 15 i rekneskapet for 2020. Nota er lagt inn under oversikten over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllanda oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.

	Type virksomhet	Type enhet	Kontor-/vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusjon og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutvalg	Uselvstendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
Setesdal IKT	IKT	Selvstendig § 27-samarbeid	Bykle
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkommunalt politiske råd	Regionråd	Selvstendig § 18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigdomsforvaltning	AS	Bygland
Nesodden Industribygg AS	Eigdomsforvaltning	AS	Bygland
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Kommuneoverlege	Kommuneoverlege	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tjenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
KØH	Kommunal øyeblikkelig hjelp	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legevakt	Legevakt	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragsstyre Øvre Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærtjeneste	Veterinærtjeneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Skogbrukstenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland

Kommuneoverlege

Kommuneoverlege er eit interkommunalt samarbeid kor ei 50 prosent stilling som kommuneoverlege er delt 50/50 mellom Bygland og Evje og Hornnes kommune.

Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiskebiolog er sekretær.

Skogbrukstenester

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga.



2.3 Etisk standard og kontroll

Generelt

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerlig med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlege anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane.


Innanfor Pleie og omsorg og Helse blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna.

På dette området arbeider kommunen kontinuerleg med for å oppnå så høg grad av intern kontroll og etisk standard som mogleg.

Leiarverdiar i kommunen

Bygland kommune som organisasjon har følgjande leiarverdiar som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll:



Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Bygland kommune har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, vedteke 10.04.19. Dette reglementet tek for seg kommunen sine kjerneverdiar (sjå over), handling og haldning blant tilsette og folkevalde, økonomiske, retningslinjer med omsyn til personlege andre fordelar/gåver, interessekonfliktar (habilitet mv.), rutinar for varsling, informasjonsflyt, korleis tilsette eller folkevalde brukar sitt mynde, retningslinjer for bruk av kommunen sine eigendeler (eige reglement for dette finst i Compilo), korleis alle som representerer kommunen må vidareutvikle og arbeide for å styrke den etiske standarden og



åferda i politisk og administrativ verksemd, generelt om lojalitet og til sist at brot på reglementet kan få konsekvensar for tilsetninga og(eller føre til disiplinære reaksjonar.

Det er og utarbeida ein kortversjon av etikkreglementet i «plakat-layout» som vert gjort tilgjengeleg for alle tilsette. På den måten skal alle tilsette og folkevalde ha kjennskap til dei etiske retningslinene i sin kvardag i Bygland kommune som organisasjon og arbeidsstad.

2.4 Befolkningsutvikling

Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2012-2021

Grunnkrets	2000	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Byglandsfjord	390	402	398	409	396	395	393	404	396	385	379
Grendi	179	126	124	117	119	122	126	115	114	109	100
Årdal Vestside	14	11	14	14	14	15	15	15	16	14	13
Longerak	51	42	40	38	41	45	39	43	43	42	42
Lauvdal	39	31	33	40	38	36	35	32	32	30	30
Bygland	287	273	276	267	252	266	267	274	280	273	269
Bygland Vestside	1	.	.	.	5	5	5	5	5	5	3
Jordalsbø/Lidi	98	86	81	83	85	80	87	88	84	79	81
Skomedal	24	21	23	22	25	25	24	24	22	22	23
Frøysnes	13	16	15	11	10	10	10	9	7	7	7
Sandnes/Åraksbø	87	81	72	72	73	73	75	76	68	70	73
Austad Austside	80	74	67	68	68	62	65	63	64	70	69
Ose/Moi	32	20	23	20	19	24	20	23	24	23	22
Langeid/Heggland/Tveit	39	29	29	31	34	33	28	35	35	30	28
Ose/Moiheia	.	2	2	2	2
Langeid/Heggland/Tveitheiene	.	1	1	1	1	1	9
Austad Austhei	1	.	5	5	5	5
Uoppgitt grunnkrets	16	4	4	.	2	7	2	1	2	3	3
Totalt:	1351	1219	1207	1200	1189	1204	1200	1207	1192	1162	1142

Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. For perioden fram til 2015 er trenden jamn nedgang i folketalet. Dei siste åra er ein usikker på kor mange av bebuarane som budde på asylmottaket som var registrert i folkeregisteret. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre sikt. Frå 2019 til 2021 er det ein dramatisk nedgang. Viss ikkje innbyggjartalet aukar noko fram mot 01.07.21 (datoen når rammetilskotet for 2022 bereknast), vil dette få stor negativ innverknad på veksten i skatt- og rammetilskota.

Befolkningsprofil

Befolkningsprofil Bygland 2016-2020:

	2016	2017	2018	2019	2020
Innbyggere (antall)	1200	1207	1192	1162	1142
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	8,3	9,9	5,9	6	6,1
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	9,2	9,9	13,4	5,2	13,1
Netto innflytting (antall)	-3	7	-6	-33	-12
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	10,3	10,5	10,2	10,3	11,5
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	60,9	53,2	55,7	53,7	58,1
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	1,4	1	1,2	1,5	1,8
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	8,3	9,7	9,3	7,8	7,4
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,79	1,63	1,61	1,61	1,52

Tal per 31.12.20.

**Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar:**

	Bygland	Åseral	Åmli	Valle	Iveland	Hægebostad	Bykle
Innbyggere (antall)	1142	927	1822	1169	1335	1690	930
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	6,1	7,6	8,2	6	10,5	11,2	9,7
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	13,1	8,6	6,6	12	6	5,9	5,4
Netto innflytting (antall)	-12	-4	-14	12	-2	0	-39
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	11,5	8,3	11,9	11	12,9	6,9	10
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	58,1	72,3	69,5	69,4	65,9	58,1	67,9
Reg. arbeidsledige i % av befolkningen i alderen 15-74 år	1,8	1,7	1,4	..	2,2	1	1,9
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	7,4	10,9	16,6	10,2	12,9	7,5	17,7
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,52	1,52	1,52	1,52	1,52	1,52	1,52

Tal per 31.12.20.

2.5 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjør desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtrel del) og barnevern (nedste del).

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (%)	84,6	58,7	60	61,1	75,4
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (%)	55	53,7	52,9	47	44,8
Netto driftsutgifter barnehager i % av kommunens totale netto driftsutgifter	7,9	11,5	16,8	12,3	9,5
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	190396	155443	202680	153919	189414
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	32,6	42,8	97	0	66,8
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	98,5	168,6	95,7	142,6	175,5
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (%)	5,8	3,9	2,6	0	3,3
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (%)	9,1	7,9	14,7	4,7	8,5
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samlede netto driftsutgifter (%)	21,5	18,2	22,7	26	21,6
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbygger 6-15 år (kr)	215826	132056	138737	167212	170541
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år (kr)	17954	9629	3871	4864	8587
Barn med melding ift. innbyggerar 0-17 år (%)	11,2	7	6,9	4,3	4,8
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggerar 0-17 år (%)	8,7	4,4	5,4	4,3	4,3
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggerar 0-22 år (%)	8,4	7,6	3,2	2,2	4,6

Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til skule og barnevern, og litt over når det gjeld barnehage. Sjølv om kommunen har redusert utgiftene på desse områda, så gjer ein betydeleg reduksjon i talet på innbyggjarar i desse aldersgruppene, at kostnadane per innbyggjar aukar likevel. Utover dette så viser ein til tala i tabellen.



Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostra- gr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	48451	41120	29391	36027	42467
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	529,9	439,6	310,3	402,7	459,6
Netto driftsutgifter omsorgstjenester i % av kommunens samlede netto driftsutgifter	35,9	32,9	22,4	31,6	32,4
Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning	74,9	90,1	72,8	89	81,1
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (%)	100	100	100	100	92,8
Netto driftsutg. til kommunehelsetjenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	6,2	6,4	6,2	6,6	6,5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	16,6	11	9	10,7	17,8
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7	11	15	11,8	13
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innb. 0-20 år	112,5	45	54,5	64,9	53,4
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (%)	85,7	93,3	100	52,6	82,8

Kommunen har ein del høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen betydeleg over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.



Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 05/21

Møtedato: 26.04.2021

Sakshandsamar: ILA

SAK 05/21 KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2020

Vedlegg:

Framlegg til årsmelding for 2020

Bakgrunn for saka:


I kommunelova §23-5 står det at kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid. Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet. Eg har utarbeidd eit forslag til årsmelding som vert lagt fram for godkjenning i utvalet, som så sender den endelege årsmeldinga vidare til kommunestyret til orientering.

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til årsmelding for 2020 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendast kommunestyret til orientering.

Bygland kommune

Kontrollutvalet si årsmelding 2020



KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter kommunelova § 22 det øvste ansvaret for å kontrollera kommunens verksemd. Etter kommunelova § 23-1 vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande tilsyn på kommunestyrets vegne.

KONTROLLUTVALETS VERKSEMD

Kontrollutvalet sine møter

Utvalet har i 2020 hatt 5 møter og handsama 18 saker. I tillegg kjem 6 referatsaker og orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møter vert halden i kommunehuset på Bygland.

Kontrollutvalets utgifter i 2020 var budsjettert med kr 30.000.

Til sekretariatstenester var det budsjettert med kr 134.000. Budsjettet for revisjon var kr 545.000. Utvalet handsama framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen i sitt møte 07.10.19 og dette vart sendt til kommunen i tråd med forskrifta som seier at framlegget skal følgje med formannskapet sitt framlegg til kommunebudsjett ved kommunestyrehandsaminga.

Kommunedirektøren og/eller kommunedirektørens medarbeidarar har vore invitert til kontrollutvalsmøter for å orientera om saker som utvalet har ynskja å få betre kunnskap og informasjon om. Kommunedirektøren har mellom anna orientert utvalet om samspelet mellom kontrollutval og kommunedirektøren, rutine for handsaming av statlege tilsynsrapportar, etiske retningslinjer og varslingsrutinar, rutine for informasjon til kontrollutvalet ved misleghald og situasjonen og handteringa av koronapandemien. Kommunedirektøren har og orientera utvalet om Setesdal Vekst, status arbeidsmiljøet og resultat frå arbeidsmiljøundersøkinga i kommuneadministrasjonen og vertskommunesamarbeidet Nav Midt-Agder.

Ordførar har og vore invitert i kontrollutvalet for å orientera om utviklinga i Bygland kommune, forventningar til samarbeid og samhandling med kontrollutvalet og tilsettingsprosedyre ny kommunedirektør.

Leiar og nestleiar deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av NRKF 29.01.20 – 30.01.20. I tillegg deltok delar av kontrollutvalet på Agder Sekretariat sin dagskonferanse på Rosfjord i januar 2020. Tema på konferansen var blant anna kontrollutvalets viktige oppgåve i kommunal sektor, kontrollutvalets myndigheit og rolle, overordna rammeverk, forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon.

I kommunestyret sitt møte 05.11.20 orienterte sekretariatet og leiar av kontrollutvalet om kontrollutvalet sin rolle og oppgåver

Koronapandemien medførte at kontrollutvalet har gjennomført eit digitalt fjernmøte saman med fysiske møter. Utover dette har koronapandemien hatt liten påverknad på kontrollutvalets arbeid.

Kontrollutvalet sine oppgaver

Kommunelova § 23-2 seier:

” Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.”

Kontrollutvalets oppgaver er gitt i kommunelova §23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon av 2019, men kommunestyret kan og be utvalet utføre særskilte kontrolloppgaver på sine vegne.

Kommunen forvaltar store ressursar på vegne av innbyggerane. Omfanget av og breidden i den kommunale tenesteproduksjonen gjer det nødvendig med utstrekkt styring og kontroll av at innbyggerane får dei tenesta dei har krav på, og at ressursane vert forvalta på ein effektiv måte i samsvar med kommunestyret sine føringar.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eigen verksemd. Eigenkontrollen i kommunane utføres i hovudsak av rådmannens internkontroll og gjennom arbeidet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Kontrollutvalet sine oppgaver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå etter at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Bygland kommune bruker Agder Kommunerevisjon IKS som revisor, og kontrollutvalet meiner at dette er ei god og forsvarleg revisjonsordning.

Ansvarlege revisorar har lagt fram erklæring om uavhengigheit til kommunen.

Revisor orienterer jamleg om saker som vert teken opp med kommunedirektøren. Dette vert gjort gjennom nummererte brev eller med munnleg orientering til utvalet.

Kommunerekneskapsrapporten for 2019 vart handsama i kontrollutvalet 05.05.2020. Revisjonen gav si revisjonsmelding 16.04.2020. På bakgrunn av dette gav kontrollutvalet følgjande uttale til kommunerekneskapsrapporten for 2019 i tråd med forskrift.

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bygland kommune sin rekneskap for 2019. Driftsrekneskapsrapporten syner kr 111 736 988 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 183

448. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå kommunedirektøren og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt kommunedirektøren si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ingen merknader til Bygland kommune sin årsrekneskap for 2019.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelova sine føresegner har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §23-1 som har følgjande ordlyd:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen vert driven på ein måte som ivaretek innbyggjaranes behov på ein best mogleg måte. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Forvaltningsrevisjon vil ha høg nytteverdi, både i utvalets kontrollverksemd, og i kommunens internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet vil løpande rapportere resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret, samt sjå til at dei vedtak som kommunestyret fattar ved handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt fulgt opp.

Kontrollutvalet hadde følgande framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2023 i sitt møte 29.06.20.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023, der følgande områder/prosjekt prioriterast:

<i>Prioritet</i>	<i>Område</i>	<i>Tema/sector/selskap</i>	<i>Aktuelt for forvaltningsrevisjon</i>
1.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Oppvekst</i>	<i>Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten</i>
2.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Helse og Omsorg</i>	<i>Legetjenesten</i>
3.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Drift og forvaltning</i>	<i>Drikkevannssikkerhet</i>
4.	<i>Tillitsskapende forvaltning</i>		<i>Informasjonssikkerhet og personvern</i>
5.	<i>Lokaldemokrati</i>		<i>Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak</i>
6.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Sentraladministrasjon og fellesutgifter</i>	<i>Næringsutvikling</i>

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

Kommunestyret vedtok den framlagte planen i sitt møte 05.11.20.

Utvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapport « Plan- og byggesaksbehandling» i oktober 2018. Rapporten inneheld fleire framlegg til forbetringar, og kontrollutvalet gjorde framlegg til kommunestyret der dei bad rådmannen fylgje desse opp. Kontrollutvalet ynskja ei attendemelding frå rådmannen innan 15. januar 2019. Denne vart handsama i møte 28.02.2019 og igjen i møte 29.06.2020.

Det vart gjort følgande vedtak:

*Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.
Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding når alle tilrådingane er gjennomført.*

I kommunestyremøte 25.03.2021 var det oppe sak om «Tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon på byggesakshandsaming i Bygland kommune. «

Kommunestyret vedtok følgende:

Kommunedirektøren vurderer at det er gjennomført tilstrekkelege tiltak og forbetringar basert på forvaltningsrevisjonen på byggesakshandsaming, og avvika er lukka. Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret tek dette til etterretning.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll

Etter endringar i kommunelova frå valet 2019, er tidlegare selskapskontroll endra til eigarskapskontroll. Kommunelova § 23-4 har følgjande ordlyd:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet hadde følgende framlegg til plan for eigarskapskontroll for 2020-2023 i sitt møte 29.06.20.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner "Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgjande selskap:

- *Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS*
- *Setesdal IKT*

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Kommunestyret vedtok den framlagte planen i sitt møte 21.12.20.

Forenkla etterlevelseskontroll

Kontrollutvalet handsama sak om attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltninga – Bygland kommune.

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Bygland kommunes etterleving av lov og forskrift om offentlig anskaffing. Revisor sendte med nummerert brev nr. 1-20 til saka og avga konklusjon med forbehold. Grunngevinga for konklusjonen med forbehold var at det vart avdekket 2 anskaffingar som ikkje var utsatt for konkurranse.

Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisors attestasjonsuttalelse med konklusjon med forbehold og tilhørende nummerert brev nr. 1-20.

Kontrollutvalet ser det som svært viktig å sikre at lov og forskrift om offentlig anskaffing følges. Utvalet forventer skriftleg attendemelding frå kommunedirektøren. Når attendemeldinga føreligg vil kontrollutvalet ta endeleg stilling til korleis saka skal følges opp vidare.

I sitt neste møte handsama utvalet sak om kommunedirektørens attendemelding på nummerert brev nr. 1-20 og fatta følgende vedtak i saka:

Kontrollutvalet tek kommunedirektørens attendemelding til orientering. Utvalet vil presisere at innkjøpsreglementet bør vere på plass innan første halvår 2021.

Kontrollutvalet si samansetjing

Kommunelova § 23-1 angir bestemte krav til kven som kan veljast som medlemmar av kontrollutvalet.

Minst eit av medlemmene skal vere medlem av kommunestyret og etter ny kommunelov skal det og veljast minst fem medlemmar til utvalet.

Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalsets medlemmar i valperioden, men då må heile utvalet veljast på nytt

Medlemmar og varamedlemmar:

Medlemmer	Varamedlemmar
Tor Kasin, leiar	Geir Skjevraak, 1. vara
Oddvar Omnes, nestleiar	Ingrid Homme Bolstad, 2. vara
Birgit Attestog, medlem	Berit Haugetveit, 3. vara
Sven Richard Arnesen, medlem	Arne Larsson, 4. vara
Åse Heistein, medlem	

Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Audnedal, **Bygland**, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, Valle og Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat, som er eit selskap danna etter § 27 i kommunelova.

Sekretariatet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune. Fast sekretær for Bygland kommune er Inger Lise Austrud, frå oktober 2019.

Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift om kontrollutval og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Helsetilsynet / Tilsyn / Tilsynsrapporter / Agder / 2020

TILSYNSRAPPORT

Rapport frå tilsyn med helsetenester med tvang til personar utan samtykkekompetanse ved Byglandsheimen 2020

09.02.2021

Oppfølging av tilsynet

I dette tilsynet blei det ikkje avdekt lovbrøt. Tilsynet er derfor avslutta.

Innholdsfortegnelse

1. Tema og omfang for tilsynet
 3. Framstilling av faktagrunnlaget
 - 3.3 Motstand frå pasientar blir følgde opp med tillitsskapande tiltak
 4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
 5. Statsforvaltarens konklusjon
- Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

1. Tema og omfang for tilsynet

1. Motstanden til pasientar mot helsehjelpa blir fanga opp
2. Motstand frå pasientar blir følgde opp med tillitsskapandetiltak.
3. Samtykkekompetansen til pasientar blir vurdert og den som er ansvarleg for helsehjelpa vurderer om helsehjelpa skal gjennomførast med tvang
4. Tvungen helsehjelp blir jamleg evaluert i gjennomføringsperioden

5. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føre tilsyn med kommunal helse- og omsorgsteneste, etter helse- og omsorgstjenestelova § 12-3 og helsetilsynslova § 2.

Eit tilsyn er kontroll av om verksemda sin praksis er i samband med gjeldande regler i lov- og forskrift. Vi gir derfor her ei oversikt over krava som vart lagt til grunn i tilsynet.

Pasient- og brukerrettslova (pbrl.)

Helse- og omsorgstenestelova (hol.)

Helsepersonellova (hpl.)

Forvaltningslova (fvl.)

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta

2.1 Kommunen si plikt til systematisk leiing og kvalitetsbetring

Kommunen har ei generell plikt til å planleggje, gjennomføra, evaluera og korrigera verksemda slik at omfanget og innhaldet i tenesta er i samsvar med lov og forskrift, jf. hol. § 3-1 tredje ledd. Desse styringskrava må sjåast i samanheng med internkontrollplikta etter helsetilsynslova § 5. Dei må vidare sjåast i samanheng med ansvaret for å tilby og yta forsvarlege helse- og omsorgstenester og med plikta til å arbeida systematisk for kvalitetsbetring og pasient- og brukarsikkerheit, jf. hol. §§ 4-1 og 4-2.

Innhaldet i styringskrava er nærare regulert i forskrift om leiing og kvalitetsbetring i helse- og omsorgstenesta. Internkontroll blir omtalt i forskrifta som styringssystem. Styringssystemet er summen av dei aktivitetane, system og prosessar som kommunen tar i bruk for å planleggja, gjennomføra, evaluera og korrigera tenestene, jf. forskrifta si § 6-9. Styringssystemet skal vera tilpassa storleiken på kommunen, kommunen sin eigenart, aktivitetar og risikotilhøve, og ha det omfanget som er nødvendig, jf. forskrifta sin § 5. Tilsvarande gjeld for i kor stor grad kommunen skal dokumentera styringsaktivitetane.

I dette tilsynet har vi hatt fokus på følgjande styringskrav:

Kommunen har oversikt over område innanfor tvungen helsehjelp der det er risiko for svikt eller mangel på etterleving av krava til styresmakta, jf. § 6d

Tvungen helsehjelp er eit risikoområde som krev skjerpt medvit om risikostyring og risikohandtering. For at kommunen skal ha grunnlag for å velja styringstiltak som reduserer risiko, må kommunen ha oversikt over kvar det er risiko og sårbarheit i eiga verksemd.

Kommunen har klar fordeling av ansvar, oppgåver og styresmakt jf. §§ 6a og 7a

Kommunen skal ha ei klar organisering av helsetenestene og organiseringa skal vera kjent for dei tilsette. På området tvungen helsehjelp er det ofte fleire helsepersonell som yter helsehjelp til same pasient, men med ulik kompetanse. Det er då heilt vesentleg å ha ei klar fordeling av ansvar, oppgåver og styresmakt for å redusera svikt.

Kommunen sikrar at helsepersonell har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse til å utføra oppgåvene sine, jf. §§ 6f og 7b

For å kunna organisera helsetenesta og fordela ansvar og oppgåver, treng kommunen kunnskap om kva kompetanse helsetenesta har behov for og kva kompetanse dei tilsette har. Kommunen har eit ansvar for at helsepersonell har nødvendig kunnskap og kompetanse om tvungen

somatisk helsehjelp for å kunna etterleva krava i pbrl. kapittel 4 A og for å kunna utføra jobben sin på ein fagleg forsvarleg og god måte.

Kommunen legg til rette for felles praksis, samarbeid og informasjonsutveksling, jf. §§ 6c og 6d

Tvungen helsehjelp er eit område der det er behov for samarbeid, rutinar og informasjonsutveksling for å sikra forsvarleg og felles praksis. Kommunen skal ha vurdert kva for nokre faglege og administrative rutinar, instruksar og avtalar som er nødvendige. I dette inngår at kommunen har rutinar for dokumentasjon i journalen til pasientane, slik at opplysningar som er av tyding for helsehjelpa er tilgjengeleg for dei som har tenestleg behov for det og at opplysningane enkelt kan finnast.

Følgje med på at å setja i verk tiltak blir følgde i praksis, har effekt og eventuelt blir korrigert, jf. §§ 6g, 7e og §§ 8 og 9

Kommunen har ansvar for at aktivitetar blir gjennomført som planlagt og for å følgje med på om dei er formålstenlege og fungerer etter hensikta si. Kontrollen til kommunen kan til dømes skje gjennom intern rapportering, med å ha oversikt over meldingar om svikt og moglege betringsområde frå tilsette, oversikt over klager frå pasientar og pårørande og med å bruka resultat frå pasientundersøkingar og eigne revisjonar.

Kommunen skal utpeika kven som skal vera overordna fagleg ansvarleg for tvungen helsehjelp. Den som er utpeika til å ha denne funksjonen, skal få kopi av vedtak om tvungen helsehjelp som er fatta i kommunen, og får gjennom vedtaka viktig informasjon om praktiseringa i kommunen om tvungen helsehjelp. Dersom kommunen gjennom kontrollen avdekkar manglar, skal kommunen setja i verk nødvendige betringstiltak.

Krava som vert stilte til helse- og omsorgstenesta

I lovgivinga er det stilt ei rekke krav til helse- og omsorgstenesta i kommunen. Kommunen skal gjennom styringa og leiinga si sikra at desse krava blir oppfylte. Nedanfor er ei oversikt over dei krava som er undersøkte:

Nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester

Pasientar har rett til nødvendige helse- og omsorgstenester frå kommunen, jf. pbrl. § 2-1a andre ledd, og § 2-1 e. Kommunen har ei tilsvarande plikt til å gje slik hjelp etter hol. § 3-1, og aktuelt for dette tilsynet er opphald på sjukeheim, jf. hol. §§ 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav c.

Helsehjelpa som blir ytt skal vera forsvarleg, jf. hol. § 4-1. Kravet om forsvarlegheit er ein rettsleg standard. Dette inneber at innhaldet i kravet blir bestemt av kva som til kvar tid er anerkjent fagkunnskap, faglege retningsliner og allmenngyldige samfunnsetiske normer. Kravet til forsvarlegheit set ikkje berre krav til den faglege kvaliteten, men også til at tenestene blir ytt til riktig tid og har eit tilstrekkeleg omfang.

Det følgjer av hol. § 4-1 at kravet om forsvarlegheit òg omfattar at tenestetilbodet skal vera verdig, heilskapleg og koordinert. Dette må sjåast i samanheng med plikta til kommunen etter hol. § 3-4 første ledd til å leggja til rette for samarbeid og samhandling mellom ulike deltenester internt i kommunen og med andre tenesteytarar. Fastlegane vil ofte vera ansvarleg for, eller involverte i, prosessar om tvungen helsehjelp. I forskrift om fastlegeordninga i kommunane § 8 er det presisert at samarbeidsplikta til kommunen i hol. § 3-4 òg omfattar å leggja til rette for samarbeid med fastlegen, og eit slikt samarbeid må nødvendigvis omfatta situasjonar der fastlegen er ansvarleg for helsehjelp som helse- og omsorgstenesta i kommunen skal gjennomføra.

2.2 Føresetnader og krav i pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A

For at pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A skal kunne brukast, er det enkelte føresetnader som må vera oppfylt. Helsehjelpa må vera somatisk, pasienten må vera over 16 år, mangla samtykkekompetanse og motsetja seg helsehjelpa. Der føresetnadene er oppfylte, er det ei rekke vilkår som må vera oppfylt før helsehjelpa kan gjennomførast med tvang, og det er stilt særskilde krav til sakshandsaminga.

Samtykkevurderingar

Hovudregelen er at pasienten skal samtykka til helsehjelpa, jf. pbrl. § 4-1. Der det er usikkert om pasienten forstår konsekvensane av å nekta helsehjelpa, skal den som har det faglege ansvaret for helsehjelpa vurdere om pasienten manglar samtykkekompetanse etter pbrl. § 4-3. Dette vil ofte vera den same som skal gjera dei helsefaglege vurderingane etter pbrl. kapittel 4 A. Fordi avgjerder om manglande samtykkekompetanse er ein premiss for å nytta tvungen helsehjelp, er det heilt vesentleg at samtykkekompetansen til pasienten blir vurdert på ein forsvarleg måte.

Motstand mot helsehjelp

Pasientar kan visa motstand mot helsehjelp på ulike måtar, enten verbalt eller fysisk. Helsehjelp som blir gjennomført sjølv om pasienten motset seg han, er å sjå på som tvungen helsehjelp. Dersom pasienten manglar samtykkekompetanse, men ikkje motset seg helsehjelpa, gir pbrl. § 4-6 helsepersonell heimel til å ta avgjerder om helsehjelpa.

Tillitsskapande tiltak

Tillitsskapande tiltak er tiltak som blir sett i verk for å få pasienten til frivillig å ta imot helsehjelpa. Det er eit vilkår om at tillitsskapande tiltak er freista før helsehjelpa blir gjennomført med tvang, med mindre det er openberra formålslaust å prøva slike tiltak, jf. pbrl. § 4A-3 første ledd.

Helsefaglege vurderingar

Ansvarleg for helsehjelpa skal gjera helsefaglege vurderingar av om vilkåra i § 4A-3 andre og tredje ledd er oppfylte. Desse vurderingane omfattar om helsehjelpa er nødvendig, noko som inneber at det omhandlar helsehjelp som pasienten har rett på helsehjelpa etter pbrl. § 2-1 a andre ledd og om unnlating av å gi helsehjelpa kan føra til vesentleg helseskade. Vidare skal vurderingane omfatta om det planlagde tvangstiltaket står i høve til behovet for helsehjelpa og at tvungen helsehjelp etter ei heilskapleg vurdering verkar som den klart beste løysinga for pasienten.

Dersom tiltaket er å sjå på som eit alvorleg inngrep for pasienten, som til dømes tiltak som inneber inngrep i kroppen, bruk av legemiddel ein får på resept, tvungen innlegging og tilbakehalding av pasienten på sjukeheimen, skal den ansvarleg for helsehjelpa samrå seg med anna kvalifisert personell, jf. § 4A-5 andre ledd. Så langt det er mogleg skal helsepersonell innhenta informasjon frå den næraste pårørande til pasienten om kva pasienten ville ha ønskt, før avgjerda om tvungen helsehjelp blir tatt, jf. § 4A-5 fjerde ledd

Evaluering av tvungen helsehjelp

Tvungen helsehjelp skal etter § 4A-4 fjerde ledd evaluerast jamleg og avbrytast straks vilkåra ikkje lenger er oppfylt. Det skal i evalueringa leggjast vekt på om helsehjelpa viser seg å ha ønsket verknad, eller ha uforutsette negative verknader.

Dokumentasjon

Helsepersonell skal føra journal i samsvar med dei krava som blir stilte til innhaldet i journalen, jf. hpl. § 39. Formålet med kravet om å føra pasientjournal er mellom anna å sikra forsvarleg oppfølging av pasienten og ta vare på pasientsikkerheita. Opplysningar knytt til tema i dette tilsynet er å sjå på som relevante og nødvendige opplysningar om pasienten og helsehjelpa. Slike opplysningar skal etter hpl. § 40 og pasientjournalforskrifta §§ 4–8 blir dokumentert i journalen til pasienten.

3. Framstilling av faktagrunnlaget

Bygland kommune ligg i Setesdal i Agder og grensar mot åtte andre kommunar. Kommunen ligg langs Byglandsfjorden og har ca. 1150 innbyggjarar. Kommuneadministrasjonen ligg i tettstaden Bygland, medan Byglandsfjord som ligg lenger sør, er den største tettstaden i kommunen.

Kommunen har éin sjukeheim, Byglandsheimen. Her er det 10 langtids plassar og seks korttids plassar. I tillegg er det åtte omsorgsbustader som også er knytt til Byglandsheimen. Det er lokalisert eit bufellesskap for seks pasientar med demenssjukdom på Byglandsheimen. Bufellesskapet inneheld opphaldsrom med eige bad. Bebruarane har felles stove og kjøkken og dessutan utgang til eigen terrasse og hage. I tillegg er 4 aldersheim plassar òg plasserte på Byglandsheimen.

Kommunen har tre fastlegar, og den eine har òg funksjon som sjukeheimslege. Tenesteleiar for pleia og omsorg er òg ass. kommunedirektør. Han har ansvaret for helse- og omsorgstenestene i kommune. Ein eigen avdelingsleiar har ansvaret for Byglandsheimen.

Gjennom tilsynet skal Statsforvaltaren undersøka om kommunen sikrar at pasientar som manglar samtykkekompetanse og som motset seg helsehjelpa får nødvendig helsehjelp, og at helsehjelpa så langt det er mogleg blir gitt utan bruk av tvang. Undersøkingane omfattar om kommunen gjennom styringssystemet sitt sikrar at:

1. motstanden til pasientar mot helsehjelpa blir fanga opp
2. motstand frå pasientar vert følgde opp med tillitsskapande tiltak
3. samtykkekompetansen til pasientar blir vurdert og den som er ansvarleg for helsehjelpa vurderer om helsehjelpa skal gjennomførast med tvang
4. tvungen helsehjelp blir jamlege evaluert i gjennomføringsperioden

Undersøkingssområda inngår i ein naturleg prosess frå motstand mot helsehjelp blir fanga opp og til ein konklusjon om at helsehjelpa, skal eller ikkje skal gjennomførast med tvang.

3.1 Skildring av faktagrunnlaget

I forkant av tilsynet fekk Statsforvaltaren oversendt styrande dokument for verksemda, og dessutan journalar for dei siste seks pasientane som var innlagt ved Byglandsheimen. Journalane på til saman 476 sider frå det siste året, vart gjennomgått. Det vart så utarbeidd ein matrise for desse seks pasientane som gav ein systematisk og konkret oversikt vurdert opp mot tema for tilsynet.

Statsforvaltaren har så langt berre mottatt eitt vedtak etter pbrl. kapittel 4A frå Bygland kommune. Vedtaket var datert 30.09.2020. Dette vedtaket var svært grundig og det var godt gjort greie for dei elementa som skal vurderast i pbrl. kapittel 4A.

Samtykkekompetansevurderinga var òg heilt i tråd med lova og dei forventningane ein har til detaljnivået.

Oversikt over tilsend dokumentasjon ligg ved denne tilsynsrapporten, jf. vedlegg

3.2 Motstanden til pasientar mot helsehjelp blir fanga opp

Det var oppfatninga til tilsynet at helsepersonell fangar opp motstanden til pasientane gjennom god kjennskap til desse og ved diskusjon i personalgruppa. Kartlegging av motstand blir identifisert og dette blir dokumentert i pasientjournalane. Dette vart òg stadfesta i intervju. I ein pasientjournal er det skildra motstand mot ernæring. Hos ein annan pasient kjem det fram motstand mot stell og pleie i journalen..

Konkret blir det skildra med at pasientane uttrykker seg verbalt eller ved at dei ser vekk, går unna. Det vart under intervju gitt døme på medisiner og sårstell. Ofte kan ein sjå reaksjonen ved at nokre pasientar kan bli sinte og kan slå/sparka. Dette blir ofte diskutert personalet imellom og då korleis tillitsskapande tiltak kan prøvast, sjå nedanfor. Også på langtidsavdelinga kan det finnast motstand av varierende grad, sjølv om pasientane kan ha problem med å uttrykka seg. Det er ein fordel at ein har godt kjennskap til pasientane over tid.

Under intervju fekk Statsforvaltaren forståing av at ingen pasientar har nekta å ta medisinane sine.

3.3 Motstand frå pasientar blir følgde opp med tillitsskapande tiltak

Både ved gjennomgang av pasientjournalar og ved intervju, finn vi at personalet nyttar mange ulike tillitsskapande tiltak:

Personalet bruker god tid og prøver gjerne fleire gonger. Dersom ein ikkje lykkast første gong, ventar ein til seinare. Dette blir ikkje gjort for mange gonger, då det kan medføra auka motstand frå pasienten. Pasienten blir gitt positive merksemd, ein prøver «å komma på lag med pasienten». Ein kan setja seg ned i ansiktshøgde med pasienten og forklara kva som skal skje. Forklaring på kva som skal skje blir ofte gitt i eit forsøk på å få pasienten til å forstå. Er pasienten avvisande mot eit av helsepersonellet, prøver ein med eit anna helsepersonell. Det vart gitt eit konkret døme på ein situasjon der ein pasient ikkje ønskte å eta. Då pasienten seinare vart tilboden mat, ønskte han dette.

I intervju kom fram det at personalet set seg saman og samtalar om motstand og aktuelle tillitsskapande tiltak hos enkeltpasientar.

Informasjon frå pårørande er vesentleg, og tett dialog med desse er vektlagt. Pårørande får eit hefte som dei kan fylla ut om pasienten, dette heftet skal finnast for alle pasientane på demensavdelinga. Tilsynet har forstått at dette kallast «minnebok» som inneheld viktig informasjon om pasienten. Pårørande blir òg meir sporadisk kontakta over telefon, utan at vi fann nokon systematikk i dette.

Kva som har vore prøvd av tillitsskapande tiltak er dokumentert i pasientjournalen.

Det har vore halde temadag med spesialisthelsetenesta om ein pasient med særlege utfordringar.

Det er vurderinga til tilsynet at det ved Byglandsheimen vart prøvd fleire alternative tillitsskapande tiltak, før tvangstiltak var aktuelt som ei moglegheit. For tilsynet verka det derfor som at denne føresetnaden i pasient- og brukarrettslova var oppfylt.

3.4 Om samtykkekompetansen vert vurdert og om den ansvarlege for helsehjelpa vurderer om helsehjelpa skal gjennomførast med tvang

3.4.1 Samtykkekompetanse

Statsforvaltaren hadde også i 2019 tilsyn i Bygland kommune. Temaet var den gong tildeling av plassar og ordning av ventelister, medisinsk oppfølging, brukarmedverknad, disponering av kontantytningar og dessutan internkontroll. I tilsynsrapporten vart det skildra at det var lite spor av samtykkekompetansevurdering for pasientane ved Byglandsheimen. Bygland kommune skulle etter dette laga ein eigen rutine for samtykkekompetansevurdering.

Ein heilt ny prosedyre er innført frå 06.10.2020. Det var vedlagt ei rettleiing til denne prosedyren. Vurdering av samtykkekompetanse er ein del av primærkontaktens oppgåver. I rutinane for primærkontakten var dette førebels likevel ikkje implementert.

Det finst ein oppdatert prosedyre «årsgjennomgang» av samtykkekompetansen til pasientane. Det vart opplyst under intervju at prosedyren no blir i tatt i bruk.

I notat av 06.10.2020 frå tenesteleiar kjem det fram at samtykkekompetansen skal vurderast ved innsamtale og ved årskontroll. Ved gjennom av journalar og intervju kan det sjå ut til at det ikkje er ein systematisk rutine i verksemda, på at dette blir gjort med alle pasientar. I eit notat skal primærkontakt delta i vurdering av samtykkekompetanse. I «rutine primærsjukepleie på Byglandsheimen» er dette ikkje nemnt. Av intervju kjem det fram at primærkontakt er deltakande når samtykkekompetansen til pasienten blir vurdert.

Under dette tilsynet i 2020 kunne det ikkje observerast at det til no har vore nokon systematisk gjennomgang av samtykkekompetansen til alle pasientane. Kommunen har i rutinane sine eit skjema frå 2019 for bruk til vurdering av samtykkekompetanse. Dette skjemaet vart nytta til vurdering av pasient der det er fatta vedtak om helsehjelp utan eige samtykke etter pbrl. kapittel 4A.

På korttidsavdelinga blir det heller ikkje utført systematisk vurdering av samtykkekompetansen til pasientane. Ved tvilstilfelle ser det likevel ut til at dette blir gjort for nye pasientar.

I samtykkekompetansevurderinga blir det opplyst at pårørande blir tatt inn til samtale, men det er usikkert om dette er dokumentert i vedtaket og dermed òg usikkert om det blir informert om klagetilgong.

Helsepersonell opplyser at dei har eit dagleg ansvar for vurdering av samtykkekompetansen. Det er likevel legen som gjer den endelege vurderinga etter gjennomgang med sjukepleiar. Det finst to journalnotat daterte 02.11.2020 der dette er gjennomført. Ofte er pasientane noko kjende frå tidlegare og ein kjenner derfor forhistoria. Der pasientane ikkje er så kjende, ventar ein litt før samtykkekompetansen vert vurdert.

I nokre tilfelle skriv helsepersonell i pasientjournalen; «pasienten er klar og orientert» i dei tilfella der pasienten opplagt innehar samtykkekompetanse.

Statsforvaltaren ser at det er utarbeidd nye prosedyrar for samtykkekompetansevurdering, men at dei ikkje førebels er godt nok kjente i organisasjonen. Sjukeheimslegen er ifølgje prosedyrane den som vurderer samtykkekompetansen til pasienten. Gjennom intervju er det likevel inntrykket vårt at det er fokus på at dette no skal innarbeidast og allereie blir gjennomført. Tilsynet vart førelagt to nye samtykkekompetansevurderingar som var grundige og heilt i tråd med anbefalte prosedyrar. Sjølv om samtykkekompetansevurdering ikkje er gjennomført for alle pasientane, er dette likevel gjort for det eine vedtaket etter pbrl. kapittel 4A. Det er derfor Statsforvaltaren oppfatning at samtykkekompetansen er vurdert, før det blir tatt stilling til om helsehjelpa skal gjennomførast, sjølv om pasienten motset seg dette.

3.4.2 Om den ansvarlege for helsehjelpa vurderer om helsehjelpa skal gjennomførast med tvang.

Det kjem fram av prosedyrane at avdelingsleiar ved Byglandsheimen er ansvarleg for å fatte vedtak etter pbrl. kapittel 4A. Mal for å treffa vedtak og dessutan rettleiing til dette er utarbeidd av kommunen.

Det finst berre eitt vedtak om helsehjelp etter pbrl. kapittel 4A dei siste tre åra. Dette vedtaket var likevel svært grundig og utarbeidd heilt i tråd med saksbehandlingsreglane i kapittel 4A. I dette vedtaket var både samtykkekompetansen, vurdering av helsehjelpa, tillitsskapande tiltak og kontakt med næraste pårørande grundig gjennomgått.

Gjennom intervju var det Statsforvaltaren sitt inntrykk at både vedtakssmalen og rettleiinga til kapittel 4A var lite kjend blant dei tilsette. Det er tidlegare gitt opplæring innan kapittel 4A, men det er openbart at dette må friskast opp. Kommunen har sjølv sett temaet på agendaen på internopplæring. Det låge talet på vedtak var noko av grunnivinga for å velje tilsyn i Bygland kommune. Tidlegare har det vore ein utfordrande pasient ved Byglandsheimen, men det er usikkert om bruk av tvungen somatisk helsehjelp har vorte vurdert og journalført for denne pasienten.

For Statsforvaltaren er det noko problematisk å konkludera med at den ansvarlege for helsehjelpa alltid vurderer om helsehjelpa skal gjennomførast med tvang, der dette er nødvendig. Det er likevel Statsforvaltaren oppfatning at denne vurderinga blir utført, men at dokumentasjonen kunne vore litt meir utfyllande.

3.5 Kommunen sikrar at tvungen helsehjelp blir fortløpande evaluert i gjennomføringsperioden.

Det er vanskeleg å ta stilling til å vurdere praksis rundt evaluering av kapittel 4A-vedtak, då det berre er fatta eitt vedtak dei siste åra.

Statsforvaltaren har merka seg at kommunen har utarbeidd rutine for evaluering av helsehjelpa når kapittel 4A-vedtaka har ei varigheit på meir enn tre månader. Vi presiserar at rutinen til kommunen må innehalde eit punkt om at vedtak som varer meir enn tre månader, skal oversendast til Statsforvaltaren for prøving.

3.6 Andre funn

Tilsynet har vore noko usikre på om tilstrekkeleg opplæring er gitt av verksemda om pbrl. kapittel 4A. Det var noko varierende tilbakemeldingar i kva grad det hadde vore systematisk opplæring og om aktuelle helsepersonell hadde vore gjennom opplæringa dei siste åra. Demensomsorgen sin ABC var likevel gjennomført for dei aller fleste helsepersonell ved Byglandsheimen. Det var òg gjennomført NIH kurs innan kapittel 4A for sjukepleiarane. I tillegg hadde det vore gjennomført ein temadag med spesialisthelsetenesta.

På Byglandsheimen er det både institusjonsplassar og omsorgsbustader. Dette kan lett skapa nokon uklarheiter då det ikkje er tydeleg for helsepersonell at det er ulikt lovverk for desse pasientgruppene. Eit døme kan vera at kapittel 4A ikkje heimlar høve for innlegging eller tilbakehalding i omsorgsbustader, men berre i helseinstitusjonar.

Byglandsheimen er organisert slik at pasientar både på korttidsopphald og på langtidsavdeling, der også pasientar med langtkomen demens er innlagt, omgår kvarandre. Dette kan vere uheldig for begge pasientgruppene. Det har av branntekniske årsaker ikkje vore mogleg å halda desse pasientgruppene frå kvarandre.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

I mindre kommunar kan ein oppleve at lokalsamfunnet har godt kjennskap til innbyggerane. Mange av dei tilsette har fleire oppgåver i kommunen og derfor god oversikt over tilhøve på ulike område. Skulle det oppstå ei uventa hending, hjelper ein til der det er nødvendig når det er behov. Dette kan vera ein del av det naturlege samarbeidet. Prosedyrar er derfor ikkje alltid utarbeidde. Dette er likevel uheldig der det kjem ein nyttilsett eller vikar som ikkje har vore ein del av dette fellesskapet.

For Statsforvaltaren kan dette kanskje vera ei forklaring på at det er fatta få vedtak etter kapittel 4A, altså at tenesteytarane har godt kjennskap og kunnskap om bebuarane ved Byglandsheimen over tid. Ein observerer at det blir uttrykt motstand og finn fram til gode tillitsskapande tiltak utan bruk av tvang. Også den innarbeidde kulturen er viktig for at ein slik praksis vil vera avgjerande. På bakgrunn av dette tilrår Statsforvaltaren at det er klare rutinar og opplæring for alle som arbeidar med dette fagområdet, med jamleg oppfrisking.

Det var utarbeidd prosedyrar for vurdering av samtykkekompetansen til pasientane, men desse var ikkje godt kjente i organisasjonen og ikkje alltid tatt i bruk. Det var òg uvisse kven som skulle gjennomføra denne vurderinga. Prosedyrane for å vurdere samtykkekompetansen når ein ny pasient vart innlagt ved Byglandsheimen vart ikkje alltid fulgt. I praksis var det sjukeheimslegen som utførte samtykkekompetansevurderinga. I dei pasientjournalane der dette var dokumentert, var dette grundig og forsvarleg gjennomført. Statsforvaltaren ser at kommunen har eit betringspotensiale på dette området, men det var likevel ikkje så alvorlege forhold at dette utgjør eit lovbrøt..

Då det nyleg berre var fatta eit vedtak om helsehjelp utan samtykket til pasienten etter kapittel 4A, var vedtaket endå ikkje evaluert. Statsforvaltaren påpeika likevel nokre betringsspunkt i prosedyren for evaluering av vedtak.

Opplæringa innan pbrl. kapittel 4A må igjen setjast på dagsorden. Dette bør vera eit kontinuerleg tema i kommune.

Statsforvaltaren har allereie signalisert at vi ønsker å ha eit oppfølgingstilsyn etter ca. seks månader for å sjå nærare på korleis prosedyrane no blir etterlevd.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet.

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtaler vi korleis tilsynet vart gjennomført, og kven som deltok.

Varsel om tilsynet vart sendt 14.09.2020.

Førebuande møte med verksemda vart gjennomført 03.11.2020.

Synfaring vart ikkje gjennomført då smittesituasjonen ikkje gjorde det tilrådeleg.

Tilsynet vart gjennomført ved Byglandsheimen, og innleia med eit kort informasjonsmøte 04.11.2020. Oppsummerande møte med gjennomgang av funn vart halde 05.11.2020.

Ein del dokument vart tilsendt og gjennomgått på førehand, mens andre dokument vart overlevert og gjennomgått i løpet av tilsynsbesøket. Følgjande dokument vart gjennomgått og vurderte som relevante for tilsynet:

1. Organisasjonskart over Byglandsheimen med namn og stillingstittel for alle tilsette
2. Organisasjonskart eller skildring av korleis helsehjelp etter *pasient- og brukerrettighetsloven* kapittel 4A er organisert i kommunen.
3. Oversikt over vedtak etter kapittel 4A frå 01.01.2020 til dd.
4. Kommunen sine prosedyrar for å fatte vedtak etter kapittel 4A
5. Kven som er tildelt vedtakskompetanse etter kapittel 4A
6. Kven som er overordna fagleg ansvarleg for kapittel 4A
7. Rutinar/prosedyrar for å evaluere vedtak etter kapittel 4A som varer meir enn tre månadar
8. Rutinar for å gi tilbakemelding til Fylkesmannen der vedtaka etter kapittel 4A varer meir enn tre månadar
9. Rutinar/prosedyrar for å vurdere en pasients samtykkekompetanse
10. Journalar for alle pasientar der det er fatta vedtak etter kapittel 4A frå 01.01.2020 og til dd.
11. Journalar for de siste 6 innlagte pasientane ved Byglandsheimen pr. dato.
12. Journalar der det er treft vedtak *etter pasient- og brukerrettighetsloven* kapittel 4A

I tabellen under gir vi eit oversyn over kven som vart intervjuet, og kven som deltok på oppsummerande møte på tilsynsbesøket:

Ikke publisert her

7 personar vart intervjuet i samband med tilsynet.

Desse deltok frå tilsynsmyndigheita:

Tor Harald Christiansen, ass. fylkeslege

Terje Imeland, seniorrådgjevar/sjukepleiar

Maria Schaathun, rådgjevar/jurist, observatør

Fredrik Dahl, seniorrådgjevar/jurist, revisjonsleiar